

Bostadens kultur og den urbane habitus

***Bostadens kultur og den urbane habitus*¹**

av

Erling Berge² og Jone Ullenes³

Innleiing

Dei fleste av oss har ein heimstad.⁴ Kvar einaste heimstad er eineståande. Likevel, her skal det generalisera over heimstader. Første steget er å redusere dei til bostader. Vi ønskjer i denne artikkelen å drøfte om det finst systematiske skilnader mellom lokale stadbundne kulturar når vi samanliknar små spredbygde grender og større tettbygde byar. Vi trur at bostaden sitt naturgrunnlag, befolkningstorleik, befolkningstettleik og typar av levebrød har konsekvensar for kva kultur som utviklar seg. Skilnadene mellom bostader som desse variablane definerer, vert ofte omtala som urbanisering. Dei varierer systematisk frå spredbygd til tettbygd.

Urbanisering eller urbanitet er ikkje presist definert slik at alle som studerer urbanisering er enige om kva det er for noko. I denne artikkelen skal vi halde oss tett opp til Wirth (1938) sin kjente definisjon av urbanisme. Wirth la vekt på at det bymessige hadde samanheng med store, tettfolka og permanente bostader med ei heterogen befolkning. Heterogeniteten i byen fører med seg andre sosiale forhold, og ein annleis og eigenarta livsstil hos

¹ Artikkelen er skriven med økonomisk stønad frå Norges Landbruksvitenskapelige Forskningsråd (prosjekt 103649/110(265803)), Institutt for sosiologi og statsvitenskap, NTNU og Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, UiO. Takk til Erik Fossåskaret og Eilef Gard ved Universitetet i Stavanger for gode råd. Takk til Per Otnes i Sosiologisk Årbok for bistand og tilrettelegging. Takk til Per Morten Schieffloe (NTNU) og Terje Wessel (UIO) for nyttige kommentarar.

² Institutt for landskapsplanlegging, UMB. Kontaktadresse: Erling.Berge@erlingberge.no

³ Sosiolog, freelance, Stavanger. Kontaktadresse: jone.ullenes@gmail.com

⁴ Skjekkeland (2009, 37) seier lokal tilhørsle er medfødd, noko ein tek med seg gjennom livet. Dermed blir tilhørsle til bostaden ein har i dag underordna tilhørsla til bostaden der ein vaks opp.

innbyggjarane, samanlikna med rurale områder.⁵ Men heterogenitet må sjåast i samanheng med storleik og folketettleik. I denne forståinga av urbanitet vert det fysiske bostadmiljøet og eigenskapar eller aktivitetar hos dei som bur der viktigte, og må sjåast i samanheng.

Drøftinga av skilnader i den stadbundne kulturen har med andre ord eit utgangspunkt i teorien at ein urbaniseringsprosess gir bostaden ein viss struktur som vil verke på kulturen. Den naive teorien om samanhengen mellom boform og livsstil: at berre vi klarer å forme bostaden på rett måte gjennom planlegging og arkitektur så vil livskvaliteten vekse fram av seg sjølv, må frå tid til tid avvisast.⁶ Problemet er kva vi skal sette i staden.⁷ Kva samanheng er det mellom boform og livsstil, eller meir allment mellom boform og kultur? Ut frå Wirth sin definisjon av urbanitet blir forholdet mellom folketettleik og -storleik sentralt. Så kva har skjedd med bostadkulturen i Norge ettersom landet vårt har endra seg frå å vere eit samfunn der folk flest budde i bygder til eit samfunn der dei fleste bur i byar?

Urbanisering sett som ein overgang frå spredbygd til tettbygd skjer i Norge slik som i andre land. Dette er godt dokumentert (Myklebost 1960; 1979; Rasmussen 1969; Myhre 1977; Sørli 1989; Torstenson, Metcalf, and Rasmussen 1985; Dale, Selstad, and Sjøholt 2002) og kan illustrerast med ein figur frå Statistisk Sentralbyrå (sjå neste side).

Sentrale drivkrefter i byutviklinga er transportkostnadene i samband med spesialisering og arbeidsdeling. Det vi er på jakt etter er kva som skjer

⁵ Sjå Haveraaen (1993b, 157-158) og Jacobsen (2010) for meir om Wirth sin definisjon. Skjekkeland (2009, 53) i motsetning til Wirth ser ut til å meine at urbanitet først og fremst er mentalt: «Ei bygd (...) kan bli urbanisert lenge før busetnaden får bypreg», seier han. Samanhengen mellom boform og livsstil treng imidlertid ikkje å vere så opplagt som det Wirth gir uttrykk for. Gans (1962) er ein av dei som har motforestillingar. Han meiner det ikkje finst nokon strøksspesifikk livsstil (way of life) verken i urbane eller suburbane strøk. Livsstil følgjer av klasse og yrke.

Med blikk på det heterogene ved store byar drøftar Haveraaen (1993a, 48) korleis musikksmak kan variere med bostad: «For byboeren er (...) subkulturtillhørigheit ofte identitetsbyggende og en nødvendig erstatning for lokale sosiale fellesskap som har gått tapt i urbaniseringsprosessen». Rye (2006a) peikar på korleis heterogenitet i by gjer seg utslag i ein meir polarisert klassestruktur med større lønnsskilnader her, samanlikna med den meir homogene landsbygda. Han oppfordrar til å sjå rural til urban migrasjon i eit klasseperspektiv.

⁶ Schiefloe (1985, 162) oppsummerer situasjonen for nærmiljøet slik: «De materielle omgivelsene har utvilsomt en viss betydning, men er ikke på noen måte avgjørende for sosialt liv og sosialt fellesskap».

⁷ Næss (1979, 146-150) finn ein klar samvariasjon mellom bostad og livskvalitet etter dimensjonen tett-spredt. Men lite tyder på at arkitektur og planløysing har noko med opplevinga å gjere.

Bostadens kultur og den urbane habitus

Prosent busett i tettbygde strøk*

Prosent

100

80

60

40

20

0

1946 1950 1960 1970 1980 1990 2002

*Ei hussamling vert rekna som tettstad dersom det bor minst 200 personar der og avstanden mellom husa ikkje er meir enn 50 meter.

Kjelde: <http://www.ssb.no/norge/bef/>

med den kulturelle sjølvforståinga i denne fortettingsprosessen.⁸ Men studiar av korleis bostadkulturen varierer frå bygd til by er det gjort høvesvis lite av. Eit utgangspunkt for drøftinga vil vere ein oversikt over denne litteraturen.⁹ Denne oversikten vil vi presentere parallelt med vår eigen argumentasjon, som regel i noter.

Når vi sporar sambandet mellom strukturelle endringar på bostaden og skilnaden mellom rural og urban kultur må vi ha i tankane at kultur ikkje endrast på same måte som bostader, ein skifter ikkje kultur slik ein skifter bostad. I lesinga av litteraturen på feltet må vi difor stø oss på ein ide om kva som er fundamentet for skilnaden mellom rural og urban kultur. Hovudtesen er at oppvekst og opphold over generasjonar i store byar fører til ein urban

⁸ Danielsen & Lundberg (2010) ser på korleis verdigrunnlaget for nærmiljøet har endra seg i løpet av urbaniseringsprosessen. Dei finn at mange opplever å bu i ei bygd i byen. Dette gir tryggleik. Samtidig har dei klare likskapsverdiane endra seg i retning av å verdsetje kulturell diversitet og valfridom.

⁹ Relevant bakgrunnsstoff finn vi mellom anna i Munch (1956); Kjølsrød (1978); Øistensen (1979); Einersen (1982); Schiefloe (1985); Langsæther (1986a; 1986b); Østerberg (1990; 1998); Horgen, Jones & Olsen (2011). Meir spesifikt om kulturutviklinga i bygd - by perspektiv kan vi nemne fleire artiklar i St. Hallvard nr 2/3 1981 (temanummer om bykultur); temanummer om sentrum/ periferi i PLAN 5/2010 saman med mesteparten av referansane nedanfor.

habitus.¹⁰ Tilsvarande vil vi ha i tankane at oppvekst og opphold over generasjonar i spredt befolka bygder gir som resultat ein rural habitus. Urban eller rural habitus tenkjer vi er karakteristiske drag ved bostadens kultur og den vil gi seg til kjenne på to område: haldninga til arealbruk (avstanden mellom husa for å seie det enkelt), og haldninga til meir eller mindre kjente personar ein møter i dagleglivet på bostaden. For ein person utstyrt med urban habitus vil det ikkje kjennest urovekkjande med mange ukjende menneske myldrande tett innpå, og mangfald og daglege møte med det ukjente vert oftast opplevd som verdfullt. Tilsvarande er det vår tru at ein person med urban habitus vil vere positiv til at det vert bygd tett. Ein genuin urban kultur må byggjast rundt ein urban habitus. Den urbane habitusen har lite å gjere med synleg konsum eller opplevingsferie i den urbane jungelen. Derimot har den, trur vi, mykje å seie for evna til kollektiv handling i situasjonar som involverer større grupper enn familien eller nabolaget. I denne artikkelen kjem vi ikkje langt i å vurdere tilhøvet til kollektiv handling. Ein grunn til dette ligg i at Norge etter vår mening ikkje har eller har hatt byar store nok og tettbygde nok til at ein urban habitus har kunne utvikle seg. Det vi synest sjå både i bygd og by er ein rural habitus som gir eit noko anna grunnlag for både byplanlegging og afferd i byrommet.

Drøftinga vidare er delt i to deler. I første delen drøftar vi kva vi legg i omgrepet kultur og gir ein kort oversikt over den historiske utviklinga av byane våre. Vi avsluttar denne delen med å sjå på utviklinga i ønskje av urbaniseringssgrad for bostaden frå 1967 til 2010. I andre delen presenterer vi ei ramme for tenking omkring kulturutvikling og utforskar det vi ut frå Wirth sin definisjon av urbanitet meiner er dei viktigaste drivkraftene for utviklinga av bostader og bostadkultur: 1) naturgrunnlaget for bostaden, 2) folketalet på staden og folketettleiken definert som talet på hus og personar for kvar rutemeter, 3) avstandar og transportmåtar for folk og varer og 4) næringsgrunnlag for befolkninga på staden.

¹⁰ Omgrepet habitus vart utvikla på 1960-talet av Pierre Bourdieu i forsking på pedagogikk. Det kom til å bli definert som eit mentalt «durably installed generative principle of regulated improvisations» (Robbins 1991, 83-84). Omgrepet vart utvikla vidare og vert i «Distinction» (Bourdieu [1979] 1984, 101-102) nytta om internaliserte former for klassevilkår og dei føringane dette medfører for ein person i ein gitt klasseposisjon. I «The State Nobility» er det vidare generalisert til «.. generative schemata of classifications and classifiable practices that function in practice without acceding to explicit representations and that are the product of the embodiment, in the form of dispositions, of a differential position in social space» (Bourdieu [1989] 1996, 2-3). Ein gitt habitus er såleis knytt til ein posisjon i samfunnet. Vi ser på korleis posisjonane til bybuarar og bygdebuarar kan tenkast manifestere seg i slike nærmast kroppsleggjorde disposisjonar for bestemte handlingar.

DEL I

Kva er kultur?

Før vi kan gå på jakt etter samanhengar mellom boform og kultur må vi vite kva vi meiner med kultur. Kultur er eit ord med mange tydingar. Til grunn for tolkinga kan ein finne to hovudtydingar av ordet kultur: på eine sida kan det tyde bevisst dyrking av eit fenomen¹¹ (som til dømes beite for husdyr, livet i vatn, atferd i trafikken eller etiske og estetiske kvalitetar i tilværet), på andre sida kan det tyde noko i retning av livsform eller atferdsmönster (som til dømes i «bondekultur» eller «kulturfolk») når nokon utanforståande vil klassifisere atferdsmönsteret til ei gruppe som ein totalitet med indre mening og samanheng.

Samfunnsvitskapen sitt kulturomgrep er ei vidareutvikling av den siste bruksmåten. I denne artikkelen vil omgrepet kultur bli brukt om *tillærte mønster for å gripe, vurdere og verdsette røyndomen*.¹² Språket (i tydinga alle meiningsberande symbol) er reiskapen som blir nytta til å gripe røyndomen. I dei fleste samanhengar er det imidlertid ikkje nok å sette namn på ulike deler av livsverda. Dei ulike bitane av røyndomen som vi grip fatt i, må tolkast og vurderast så dei får mening og verdi for oss. Det er totaliteten av ein opplevd røyndom, med dei vurderingar og rangeringar som gir røyndomen verdi og mening for samfunnsmedlemmene, vi tenkjer på som kultur.

Kultur kan sjåast som ein slags syntese av alle dei ulike modellane av verda som ulike individ har inne i hovuda sine og nyttar, når store eller små avgjerder skal takast. Men sambandet mellom kultur og røyndom er innfløkt. Når folk trur at noko er verkeleg og handlar deretter, får trua verkelege konsekvensar og forandrar verda.¹³ Eit litt enkelt døme kunne vere tilhøvet

¹¹ I daglegtalen møter vi uttrykk som til dømes «finkultur», «kulturbete», «akkvakultur», «kulturminne», «kulturlandskap», «bondekultur», «subkultur», «kulturverkstad», «kulturstyre», «trafikkultur», «kulturfolk» og «kulturliv».

¹² Dette er ein noko enklare definisjon av kultur enn den klassiske: «Culture, or civilization, taken in its broad, ethnographic sense, is that complex whole which includes knowledge, belief, art, morals, law, custom, and any other capabilities and habits acquired by man as a member of society» (Tylor 1871). Vi ligg nok nærmare Parsons sin ([1951] 1964) mindre omfattande bruk av omgrepet. Parsons ([1951]1964, Kapittel I) legg vekt på at kultur vert overført frå generasjon til generasjon, at kultur er tillært, og at kultur er felles for ei gruppe menneske.

¹³ Dette er ein innsikt som oftast er formulert: «Dersom folk definerer ein situasjon som verkeleg, får den verkelege konsekvensar.». Den vil vere kjent som «Thomases lov» etter dei amerikanske sosiologane William og Dorothy Thomas (1928). Berger & Luckmann (1966) sin kunnskapssosiologi kan sjåast som ei innsiktsfull vidareføring og utviding av denne innsikten. Sjå også Douglas (1986).

mellom natur og boform i byområde. Dersom folk trur at «ville» dyr ikkje kan leve og ha det godt i byen, vil dei både ha vanskeleg for å «sjå» at dei finst i byen og gjere mykje for å hindre dei i å dukke opp. Og skulle dei likevel få auge på eit «malplassert»¹⁴ dyr vil dei gå langt for å få sendt det dit dei trur det høyrer heime - ute i «naturen». Det er følgjeleg aldri nokon eintydig korrespondanse mellom det ein filosofisk kan postulere som den «materielt verkelege røyndomen» og den røyndomen ein kultur tar inn over seg. Begge deler påverkar kvarandre og er i stadig endring.

Kulturen endrar seg gjennom prosessar som grip fatt i nye eller gamle bitar av røyndomen, for å vurdere kva meinung og verdi dei har. Gjennom samtalar og anna symbolsk aktivitet stadfester vi eller gir nye valørar til den til ei kvar tid erfarte røyndomen. No skal ikkje denne artikkelen seie noko om kultur generelt. Den er heller ikkje ute etter å studere alle sider ved lokalsamfunna i by og bygd. Målet er å sjå på korleis utvalde eigenskapar ved den einskilde bostaden verkar inn på den lokale kulturen enten staden vi ser på blir kalla grend, bygd, tettstad eller by.¹⁵ Meir spesifikt skal vi ha i tankane

¹⁴ Douglas ([1966] 1997) kallar dette «matter out of place». Sosialantropologen argumenterer for at mennesket har eit grunnleggande behov for kategorisk orden. Anomali, det uregelmessige, blir definert ut.

¹⁵ Fleire har skrive om korleis sosial praksis og kulturell meinung er forbunde med staden og staden sin identitet. Sjå til dømes Anderson (1991), Olwig (1999), Moldenes (2006), Stugu (1999), Fosso (2004), Njå (2010, 35) og Berg & Dale (2004). Sistnemnde viser til at mennesket har eit fundamentalt behov for å føle tilknyting til ein stad (Berg & Dale 2004, 43). Fosso peikar på korleis ulike stader sin identitet er hierarkisk ordna og korleis myter om stader er kollektive og står fram som kulturelle realitetar. Desse mytane styrer sosial praksis, seier Fosso (2004, 122-123).

Men i kor stor grad er det vi tenker om eit samfunn basert på førestillingar og i kor stor grad på eigenopplevd erfaringar og kunnskapar? Sosialantropologen Anderson (1991) kan bidra med eit svar. Han meiner nesten alle samfunn er forestilte, og seier:
«Communities are to be distinguished, not by their falsity / genuineness, but by the style in which they are imagined» (Anderson 1991, 6).

Men fleire bidrag stiller spørsmål ved om staden kun bør sjåas som ein menneskeleg konstruksjon. Greve (1999, 32) kommenterer t.d. at ein ikkje bør sjå på mennesket som ein «betegelse for stedets eksistens», fordi staden også eksisterer uavhengig av mennesket. Dette rører ved fundamentet i vårt prosjekt: nemleg å vurdere kva påverknad staden (som kan eksistere uavhengig av mennesket) har på kulturen på staden (som åleine er konstruert av mennesket). Villa (2005, 12) vil «sjå relasjonen mellom fysisk landsbygd og sosial representasjon som ein stadig interaksjon».

Ei mykje sitert og kritisk stemme tilhøyrer Pahl (1966, 101): «Any attempt to tie particular patterns of social relationships to specific geographical milieux is a singularly fruitless exercise. Some people are of the city but not in it, whereas others are in the city but not of it». Vi er delvis einige med Pahl, men ønskjer å sjå på nettopp kva som påverkar om ein er «of the city» eller ikkje. Kulturen eksisterer uavhengig av

Bostadens kultur og den urbane habitus

korleis bostaden sin kultur kan knytast til det vi har kalla den urbane habitus: måtar å møte og handtere det ukjente og framande i dagleg aktivitet.¹⁶

Som heimstaden er alle lokale kulturar unike. Kvart einaste samfunn har sine særdrag som er spegla i den lokale kulturen. Men sjølv med eit slikt utgangspunkt er det ikkje urimeleg å tenke seg at det finst visse allmenne trekk i utviklinga av lokale kulturar. Det har opp gjennom historia vist seg meiningsfullt å skilje mellom by- og bygdekultur.¹⁷ Då kan ein også reise

enkeltindividet. Vi vil derfor argumentere for at viktige karakteristika ved ein kultur er knytt til staden.

¹⁶ I omgrepet urban habitus ligg det tankar frå Simmel si studie «The Metropolis and Mental Life» ([1950] 1964, 409–424). Men vi meiner det vert lagt for stor vekt på individualiseringstendensen i storbyen sin kultur. Individualiseringstendensen er ein del av heterogeniteten. Men i storbyen sin kultur er det samtidig eit felles erfaringsgrunnlag som peikar mot innsikt i kollektiv handling.

¹⁷ Berg & Lysgård (2004b, 61,71) stiller spørsmål ved kategoriane urbane og rurale områder. Kategoriane nærmar seg kvarandre og «[d]et er nærliggende å trekke den konklusjonen at bygd og by har blitt mer like». Også Fossåskaret (2006, 362), Berg (2009), Flø (2010), og Njå (2010, 37) meiner skilje mellom by og land er svekka. Vi vil stille spørsmål ved dette, noko også Nesje & Hidle (2006) gjer. Utheim & Mjaatvedt (2009, 148) seier det slik: «Bygdene er hele tiden utsatt for en modernisering, men det blir ikke by likevel». Haveraaen (1993a, 53; 1993b, 153) og Hompland (1984) forklarer: Dei meiner begge det framleis finnes eit tydeleg mentalt skille mellom by og land hos nordmenn. Og Berg & Lysgård (2004a) kjem dette i møte. Dei seier at når ein ser urban og rural som dynamiske, kulturelt og sosialt konstruerte kategoriar kan dei framleis vere fruktbare. Dei to peikar m.a. på korleis bygda blir urbanisert samtidig med at byen blir ruralisert. Berg (2009, 125) gjentar også seinare at by og land framleis er meiningsfulle omgrep.

Hellevik (2010) spør om det finnes ein kulturell sentrum-periferi motsetning i Norge, finnes det kulturelle skilje mellom by og land? Han går kvantitativt til verks og konkluderer med at trass i fleire homogeniserande effektar finnes det reelle skilje, særleg på den «moderne-tradisjonelle aksen». «Sentrum ligger lengre i moderne og materialistisk retning enn periferien», seier Hellevik (2010, 18). Det er forskjell mellom by og land. Eit gamalt bidrag konkluderer i same retning. Tiller (1966) studerte barn i «rural periferi» og slår fast at oppvekst der samanlikna med i byen var to svært ulike ting.

Andersson (1987, 248) viser til at mennesket som agent er ulike i bygd og by. Agenten er personifisert og ein tydelegare deltagar i produksjonen av prosessar i det rurale. Den urbane agenten er derimot abstrakt og bidrar i eit passivt konsum av komplekse prosessar; ting bare skjer. Vi kjem tilbake til dette.

Villa (2005) peikar på ulike særdrag ved livet på bygda. Ho drøftar korleis faktorar som tryggleik og idyll kan vere sosialt konstruerte. Villa viser til at bygdeidyllen bygg på ei myte om det klasselause bygdesamfunnet. Også Ullenes (2010) og Danielsen & Lundberg (2010, 132) drøftar likskapsideala. Villa (2005, 9–91) meiner bygd intuitivt er forstått i kontrast til by, og at det er nettopp denne kontrasten som gjer bygdelivet

spørsmål om kva faktorar det er som påverkar utviklinga av ein bykultur eller ein bygdekultur, og kanskje graderingar imellom bygd og by.

Her i landet har granskingar av slike spørsmål ofte starta med spørsmålet om vi i det heile har ein bykultur. Slik var det iallfall for ei tid tilbake. Til dømes i 1981 i St. Hallvard (nr 2-3) stiller redaktøren spørsmålet: «Bykultur - finnes den?» og svarar sjølv:

«Selvsagt finnes den. Også i Norge. Men vi liker ikke å snakke så mye om den, for i vårt langstrakte land har vi ikke noe lett forhold til det urbane. Vår nasjonale identitet har lite med gateliv og bakgårder å gjøre. Våre norske røtter sitter godt fast nede i de dype daler og trange fjorder, eller langt inne i berget det blå. Men det går an å slå rot mellom brostener også.»

Slik vi ovanfor har definert urbanitet og kultur, og med fokus på den urbane habitus, ventar vi å finne at bykulturen står svakt her i landet. Grunnen til at bykulturen tradisjonelt har hatt ei svak stilling her i landet vil vi søkje i historia.¹⁸

Byen og norsk kultur – historisk sett

Byen har ein tvetydig status i norsk kultur og samfunn. Den er på eine sida sete for makt og åndsliv. På andre sida er den sete for synd og forfall (sjå t.d. Haveraaen (1993b, 163) og Hoel (2011, 24)). Ikkje minst har den frå svartedauden til EU-striden(e) vore innfallsport for alle slags framande makter. Sjølv om byen sin plass i norsk kultur er like gamal som samfunnet, er det ikkje nokon udiskutabel heidersplass. Ein kort gjennomgang av observasjonar frå historia kan hjelpe oss å sjå bakgrunnen for byen sin plass i Norge i dag.

For store deler av befolkninga var - og er kanskje enno - byen senteret for makt og synd;¹⁹ ei makt som både kunne og ville gjere sitt beste for å utbytte

attraktivt. Sjå også Thorsen & Verstad (2004) for ei analyse av biletet av bygda, samt Rye (2006b, 419-420) for spørsmål rundt, og analyse av, bygda som idyll. Sistnemte konkluderer med at synet aktøren har på det rurale avhenger av strukturelle forhold, som grad av utdanning og økonomisk velvære.

¹⁸ Skirbekk (1975) viser i kapittel 3 korleis språkutviklinga er ein god indikator på bygdekulturen sin styrke i høve til bykulturen. Sjå også Munch (1956, kap 2), Tveite (1985; 1988), Naustdalslid (1991), Skjekkeland (2009) og Hoel (2011).

¹⁹ Berg & Lysgård (2004b, 72-73) identifiserer forestillingar eller bilde av bygd og by, hos «folk flest». Her går det fram at byen kan framstå som ein skitten, farleg og bråkete stad, assosiert med sosial isolasjon og eit usunt liv. Dette står i kontrast til den idylliske bygda. Men forfattarane seier også at byen kan framstå som ein spennande og moderne

Bostadens kultur og den urbane habitus

folk enten det no kunne skje ved skattlegging, pengeutlån eller urimelege handelsvilkår. Og der makta finst, vil synda finnast. Dels finst synda i form av dei korrupte personlegdomane som blir dregne mot makt enten som makthavarar eller svindlarar. Dels «viser» synda seg gjennom sjukdom og naud som det har vore flust med i byar heilt fram til våre dagar. Teorien om at sjukdom og naud skuldast den einskilde sitt syndefulle liv, er både gammal og seigliva. Makta og synda var truleg dei sidene ved byen som var lettast synlege for folk som sjølv stod utanfor byane. Dette forma oppfatningane deira av kva byen «er». Den var framand og farleg. Bygdekulturen si vurdering og verdsetting av byar og byliv, det syndrom av haldningar og prioriteringar som vaks fram omkring motsetnaden mellom by og land, lever vi med enno. Og med ei slik oppfatning av kva byen sitt vesen var, måtte det vere vanskeleg å ha tillit til byborgarane reint allment.

Skiljet mellom by og land har også blitt spegl i norsk politikk. Ein sentral dimensjon har vore kampen mellom sentrum og periferi.²⁰ Dette har ikkje berre vore ein kamp om politisk og økonomisk makt.²¹ Det har i minst like stor grad vore ein kamp om kulturelt hegemoni, om den nasjonale sjølvforståinga. Byane har alltid hatt den økonomiske makta og i lange bolkar også den politiske og kulturelle makta. Men i ein lang bok av historia vår, under Hansatida og danskeveldet, hadde dei norske byane lite å seie i kraft av å vere *norske* byar. Dei låg langt borte frå folk sine kvardagsliv. Byane var innfallsportar for framande makter, og det var utlendingar som sat med den politiske og kulturelle makta. Både den relativt vesle befolkninga som budde i by og opplevingane av byen og bykulturen som unorsk, gjorde at bygdekulturen framover på 1800 talet kunne stå fram som både sterkare og

stad med bredd tilbod og stor takhøgd, i kontrast til eit kjedeleg bygdeliv prega av sosial kontroll. Eit viktig poeng hos Berg & Lysgård er at dette er dynamiske, kulturelt konstruerte kategoriar. Haveraaen (1993a) tar utgangspunkt i Norsk Monitor når han kvantitativt etterprøver liknande myter. Sjå fotnote 31 for hans konklusjon. Sjå også Skjekkeland (2009, 46), Rye (2006b, 410-411) og Danielsen & Lundberg (2010). Sistnemnde seier at plassmytane bidrar til «å skape stereotype oppfatninger av plasser og mennesker fordi noen trekk ved plassen blir synlige til fordel for andre. (...)

[P]lassmytene blir til kollektive referanserammer i samfunnet» (Danielsen & Lundberg 2010, 120-121).

²⁰ I følgje Rokkan (1967) er det ein geografisk sentrum/periferi-dimensjon, samt ein kulturell dimensjon, definert av kløfta mellom bønder og statsadministrasjonen, som har dominert den politiske kampen i norsk historie.

²¹ Krange & Skogen (2003) peikar på korleis folk på bygda føler at «makteiten» i byen legg føringar på deira eige kvardagsliv. Dei to sosiologane bruker rovdyrkonflikten som empirisk døme, men latar til å generalisere til å seie at arbeidarklassen på bygda er kulturelt avmektige overfor middelklassen i byen. Sjå også Ullenes (2010) for ein kommentar om temaet.

meir norsk enn bykulturen. I framveksten av nasjonalstaten vart det bonden og bygdekulturen som fekk legge premissane for den nasjonale sjølvforståinga i Norge.²²

Med parlamentarisme og allmenn røysterett fekk bygdene også politisk makt. Denne styrka sjølvsagt det kulturelle hegemoniet, og med politisk makt kunne ein temje den økonomiske makta i byane. Ubalansen i varebytet mellom by og land kunne kompenseraast og motverkast. Dei siste hundre åra har gitt bygde-Norge ein stort sett ubroten vekst i velstand. Likevel har ikkje utviklinga vore berre positiv for bygdene. Det paradoksale i situasjonen er nemleg at i takt med utbygginga av bygdene byrja folk å flytte til byen. Bølgje etter bølgje av bygdeungdom vart «kjøpt opp» av den økonomiske makta i byane, trass i distriktpolitiske forsök på å legge fartsdumpar i reiseruta. Byane har etter kvart skaffa seg eit fleirtal av folket og dessutan stadfesta den politiske makta på si side av kløfta (sjå Krane og Skogen 2003). Men den kulturelle makta, eller hegemoniet, vil det ta noko meir tid å få tak på. Kultur skifter ein ikkje like lett som bostad.

Med den massive flyttinga til byen var det nemleg ikkje bykulturen som fekk eit fleirtal av folket bak seg. Det var bygdekulturen som flytta til byen.²³ Og etter kvart vart det bygdekulturen som sette spor etter seg i byen, ikkje byen som igjen kunne forme det norske samfunnet.

Ein god indikator på korleis folk opplever folketettleik og kva dei tenkjer omkring den er nedfelt i bruken av eigedomsretten²⁴ til å markere og forsvare eit territorium. Kor mykje plass treng ein familie å ha rundt seg for å kjenne seg komfortabel? I norske bygder har det tradisjonelt vore langt mellom husa. Då bygdefolk flytta til byen fekk denne verdipremissen enkelt innpass. Einebustad vart den boforma som ein valde så sant ein kunne. Men økonomi har sjølvsagt vore avgjerande for kor mange som har kunna realisere eit slikt ønskje.

²² Drivkrafta i dette prosjektet kom likevel i første omgang frå byen, frå embetsmenn og innflytte bygdefolk (Berggreen 1989). Den rurale romantiseringa var likevel ikkje noko einsleg norsk fenomen. Over heile Europa førte romantikken til at «folket» vart dyrka og trekt inn i ulike nasjonsbyggingsprosjekt.

²³ Sjå til dømes Larsen (1984, 38). Om bygdefolk i byen (drøfta i ein litt annan samanheng enn den vi ser på her) heiter det: «Nordmannen foretar en myklanding i denne moderne metropolitiske verden ved å gjøre som bonden i byen. Og hva gjør han? (...) Disse strategiene opprettholder et ruralt ideal i en urban kontekst; de flytter bygda til byen.» Sjå også Rye (2008) for ei analyse av bygd til by migrasjon, i eit klasseperspektiv.

²⁴ Kva som presist ligg i «eigedomsretten» er tidsavhengig. Det varierer over århundra og det varierer frå bygd til by. Sjå til dømes innleiinga til Brewer & Staves (1996) eller Benda-Beckmann, Benda-Beckmann, & Wiber (2006).

Bostadens kultur og den urbane habitus

Eit anna premiss for arealbruken i bygda var at grunneigaren hadde det siste ordet om korleis ein brukte jorda. Også denne norma for atferd flytte til byen.²⁵ Industrientreprenøren kunne ut frå denne tolkinga av eigedomsretten gjere nett som han ville. Så lenge forretningsmessige kontraktar vart haldne kunne ingen seie noko om kva som skjedde i fabrikken. Dermed vart urein luft og ureint vatn, støy og helsefarlege maskinar ein del av kvardagen i industribyane, som voks fram. Og myten om byen som skitten og farleg fekk ny næring. Vi ser at ein sentral verdipremiss i bygdekulturen, råderett over eigen grunn, styrt av den lokale folkemeininga, eller kulturen, vart til «uinnskrenka råderett» i byen (Lajos 1965, 13). Dette syntest passe som hand i hanske med industrikapitalismen. Men i tettbygde strøk ville ikkje ei slik haldning til arealbruk og naboar kunne fungere over lengre tid.

Utviklingsdynamikken skapte klassemotsetnader som ikkje kunne oppretthaldast i eit demokratisk samfunn. Dømet viser korleis ein mekanisme teken frå *ein* kulturell kontekst (bygda), omplassert til ein annan (byen), kan gi uoversiktlege konsekvensar.

Generelt kan ein seie at jo tettare folk bur desto større konsekvensar vil dei daglegdagse gjermåla til kvar einskild person ha for naboane.²⁶ Det vil vere i alle si interesse å kunne kontrollere kva naboen foretar seg på sitt areal. Dette gjekk etter kvart opp for bybuarane. I sitt vesen krev nemleg byen ei anna haldning til arealbruk og fellesløysingar enn det tradisjonell norsk bygdekultur har i seg (Berge 1986). Den uinnskrenka råderetten blei temma ved blant anna arbeidsgjevarlovgiving og fagrørslle. Ei enkel løysing på dei problema som voks fram fanst likevel ikkje.

Vilkåra for norsk urbanitet i dag

St.Hallvard redaktøren sa i 1981 at vi ikkje likar å snakke om bykultur i Norge, at denne ikkje har noko med vår nasjonale identitet å gjøre.²⁷ Men korleis er stoda for bykulturen i Norge i dag, 30 år etter?²⁸ Etter vårt syn er

²⁵ Sjå til dømes Lajos (1965, 13). I omtalen hans av bygningslova som vart vedteken for Oslo i 1827 heiter det: «Over alle disse krav satte komitéen - helt i samsvar med tidens ånd - som prinsipp at «man burde være yderst varsom i at paabyde Indskrænkninger i Eiendomsrettens ubehindrede Udgørelse».

²⁶ Sjå Haugen & Villa (2005) for ei analyse av moderne naboskap på bygda.

²⁷ Sjå også Schiefloe (2002, 4), Skjekkeland (2009, 55), Utheim & Mjaatvedt (2009, 137) og Danielsen & Lundberg (2010, 130). Hompland (1984, 17) seier det slik: «Vi er eit folk av bønder».

²⁸ Bidraga i Aspen (2005) freistar å svare på dette. Dei meiner vestlege byar er i dramatisk endring og drøftar ulike forhold i Oslo i lys av blant anna globalisering. For globaliseringa si innverknad på bygda, sjå Utheim & Mjaatvedt (2009).

den ikkje stort annleis no enn før. Eller rettare: på *overflata* kan det sjå ut som om Norge dei seinare år har blitt meir urbanisert, særleg ser vi dette på landsbygda. Men i realiteten, seier vi, er lite annleis. Artikkelen er eit forsøk på å underbygge denne påstanden.

Det er fleire som har skrive om at ulike urbaniseringstrekk har påverka bygdene og dermed gjort dei meir heterogene, eller byaktige, den seinare tida.²⁹ Bidraga viser til at ein stadig oftare finn urbane særtrekk på bygda som til dømes kaffebarar, kunstutstillingar, eksotiske matvanar, aktiv mediebruk eller narkotika. Men fleire har også peika på at dei såkalla urbaniseringstrekkene eigentleg bør forstås som ein ny produksjonsmåte på bygda, tilpassa eit behov i marknaden (Aasetre 2010; Flø 2010). Middelklassen i byen konsumerer nemleg bygda, og lokalbefolkinga retter seg deretter.³⁰ Bygdefolket produserer derfor økologisk gourmet-ost i småskala (Aasetre 2010, 60), gjer om driftsbygningar til kunstatelier og startar restaurant i sjøhuset. Er landsbygda av det blitt urbanisert? Vi seier nei. Det går igjen hos fleire at den nye «produksjonen» på bygda bygg på urbane myter om landleg idyll, og at dette er langt frå dei eigentlege krav som livet på bygda stiller (Høibo 2007; Flø 2010; Krane and Skogen 2003). Det er berre på overflata at bygda har blitt urbanisert. Bygda sin endra produksjon er dermed å forstå som ei marknadstilpassing i eit land der det er stadig vanskelegare å drive lønnsamt jordbruk. Det er ikkje kulturendring i retning av urbanisering av det

²⁹ Sjå til dømes Berg & Lysgård (2004a), Thorsen & Verstad (2004, 171), Fossåskaret (2006, 360-362), Rye (2006b, 420), Berg (2009), Skjekkeland (2009, 52-54), Flø (2010) og fleire bidrag i Almås et al. (2008). Villa (2005, 115-117) gir dessutan ei analyse av unge tilbakeflyttarar (frå by til bygd) si påverking på bygdekulturen: bidrar dei til heterogenitet?

³⁰ Sjå Brandth & Haugen (2008) for ei analyse av korleis denne nye produksjonen pregar bondeidentitet. Viken (2010, 35; 2009) peiker på korleis det reelle bygdesamfunnet «forsvinn i medietåka og turistrekklamen». Dette er delvis bygdene si eiga feil, hevdar ho. Vi ser at ein bør leite etter bakanforliggende forhold før ein tar argument om at bygda er blitt urban, for god fisk.

Wiborg (2009) lærer oss at stereotypiar blir vedlikehaldne gjennom ulike representasjonar av staden. Korleis staden blir presentert spelar dessutan inn på utviklinga på staden, til dømes politisk. Vi ser her korleis kulturelle bilder av stader kan ha kausal påverking på utviklinga på dei same stadene. Og: «[h]vordan steder beskrives, vil ha betydning for den kollektive selvforståelsen for folk som bor på stedet» (Wiborg 2009, 19).

Berg & Lysgård (2004b, 61) hevdar at landsbygda i stadig større grad er prega av konsum heller enn produksjon. Halseth (1998) er inne på det same i analysen av forholdet mellom hyttefolk og dei bufaste på bygda. Han seier dessutan: «The rural-recreational countryside is a geographically and socially divided landscape» (Halseth 1998, 223).

Bostadens kultur og den urbane habitus

rurale.³¹ Når vi snakkar om kulturutvikling og kulturendring er det ikkje tilstrekkeleg å bruke overflatiske, populærkulturelle parametrar. Ein avgjerande faktor er folketalet i det daglege miljøet. Det er jamt over lågt eller minkande.³² Og sjølv der gjennomstrøyminga av turistar er stor nok til at ein kunne få noko som likna på ein storbysituasjon er sesongen for kort og skilje mellom «dei og oss» for tydeleg.

Haveraaen (1993a, 53) eksperimenterer med å sjå på ruralitet og urbanitet som *handling framfor stad*. Då blir alle situasjonar ei ulik blanding av dei to, og ruralitet i by blir like normalt som urbanitet på landet.³³ Sjølv om vi ikkje skal gå vidare med så vide definisjonar inviterer dette til å sjå på urbanitet og ruralitet som kultur, og ikkje nødvendigvis som synonymt med by og land.

Vi har freista skilje mellom to former for urbanitet. På den eine sida har ein den autentiske, kroppsleggjorte urbaniteten.³⁴ Det vi kallar *urban habitus*. Den andre typen kallar vi for *overflate-urbanitet*. Motsatsen til den urbane habitus er sjølvsagt den *rurale habitus*. Ein person med ein rural habitus kan

³¹ Ein som ser ut til å vere einig med oss er Haveraaen (1993a, 50-53). Han viser til at sosiologar sidan 60-talet har prata om utvissa forskjellar mellom by og land. Gjennom analyse av ei Monitor-undersøking konkluderer han med at utviklinga har gått saktare enn vitskapen vil ha det til. Sjølv om dette er 18 år sidan veit vi det er langsame prosessar som må sjåast i lange perspektiv.

³² Wiborg (2009) drøftar korleis folketalsendringar er styrte av andre samfunnsmessige forhold. Ho peikar dessutan på korleis endringar i folketal på bostaden påverkar innbyggjarane der. Thorsen & Verstad (2004, 171) meiner endring i bygder kan gå i begge retningar med omsyn til urbanisering: «Noen bygder utvikler periferistatus, mens andre opplever urbanisering, vekst og nyskaping».

³³ Berg & Lysgård (2004b, 71-72) tar også avstand frå å forstå by som «definitivt avgrenset og definert». Dei spør om kategoriane urbant og ruralt heller bør forståast som forestillinger enn som ulik praksis. Thorsen & Verstad (2004, 172) skriv om bygd og by som resultat av sosial meiningsproduksjon. Hos Danielsen & Lundberg (2010, 132) blir rural og urban forstått som «verdier som kan knyttes til ulike steder og nærmiljø, uavhengig av om stedet blir klassifisert som by eller bygd». Andersson (1987, 45) viser på si side til at relasjonen mellom urban og rural kan oppfattast som kontinuerleg framfor dikotom. Relasjonen blir då ei rørsle langs ein skala av meir eller mindre urbant eller ruralt. Hompland (1984, 1-2, 15) tar til orde for det same, og lanserer ein «glideskala frå by til land». Ei som eksemplifiserer dette er Vartdal (2002, 249). Ho studerer «den moderniserte bygdefamilien» og seier at «[y]ngre bondekvinne lever i dag eit liv som er likare livet til yrkesaktive jamaldra kvinner i urbane strøk, enn eldre generasjonar bondekvinners liv». Liknande dømer er å finne i Fossåskaret (2006, 362) og Utheim & Mjaatvedt (2009). Vi ser at Haveraaen kan ha vore inne på noko med sitt fokus på ruralitet og urbanitet som *handling framfor stad*.

³⁴ Kroppsleggjort viser her til dei emosjonelle reaksjonane på avstand til, og møter med, ukjende personar ein møter i byrommet. Ein urban habitus vil slik vi tenkjer gå saman med eit lågt stressnivå i slike situasjonar.

for ei tid eller på visse område ikle seg ein overflate-urbanitet, ein tilsynelatande urbanitet.³⁵ Det er dette som vert observert i visse bygder rundt i landet og som somme ser som teikn på urbanisering.

La oss også presisere at når vi her skriv om bygd og by, så avgrensar vi oss til Norge.³⁶ Det finst ingen byar i landet vårt som storleikmessig, i europeisk samanheng, er å rekne som storbyar. Det vi seier om «store» norske byar vil ikkje gjelde for dei verkeleg store og tettbygde byane i andre land. Til og med Oslo er i denne samanhengen rimeleg spredtbygd. Ein kan innvende at internett og rimelege flybillettar har vore med og opna også våre horisontar.³⁷ Men med Wirth sin klassiske definisjon av urbanisme tett til brystet vil vi halde fast på at norsk bykultur framleis, og i beste fall, er ei spire.³⁸ Og vilkåra

³⁵ Danielsen & Lundberg (2010, 122, 131) bidrar til å illustrere dette. Mange av informantane deira omtalte nemleg nærmiljøet sitt som ei bygd i byen. Det går fram at det blei sett på som attraktivt at det var slik: «...fellesskapet som bygda symboliserer ble i mange tilfeller opphøyd som et ideal for livet i byen. (...) Det kan synes som at samtidig som de forsvarer byen, konstruerer de et nostalgisk og gammaldags bilde av bygda som de bruker til å speile seg i». Forfattarane set her ord på skiljet vi forsøker å teikne mellom urban og rural habitus. At den rurale habitus står sterkt i Norge kan bidra til å forklare kvifor «[d]et rurale mobiliseres for å gi mening til nærmiljøet i byen» (Danielsen & Lundberg 2010, 131). Vi ser ikkje kulturuttrykk som er på overflata, som til dømes at ein er busett i by eller går på «fancy» kafé, som teikn på urbanisering. Slike kulturuttrykk sikter til det vi kallar overflate-urbanitet.

³⁶ Både Villa (2005, 112) og Flø (2010, 20-21) viser til ein trend som i andre vestlege land har vist seg gjeldande, nemleg ein flyttestraum frå by til bygd. Denne «kontraurbaniseringa» er svak i Norge, og Flø spør kvifor. Han peiker blant anna på eigenskapar ved dei norske byane som mulige årsaker: Den norske bybuaren har tilstrekkeleg armslag og rein luft på si romslege tomt med nærhet til bymarka, utanfor bysentrum: «...kanskje er det slik at den ruraliteten andre lands kontraurbane søker finn me nordmenn like gjerne i byane?», spør Flø (2010, 20). Dersom han har rett i dette kan mangelen på kontraurbanitet forståast ut frå ein grunnleggande svak urban habitus hos nordmenn. Villaområda rundt dei større byane er rurale nok. Og byfolk sine verdiar er tilpassa ein rural habitus.

³⁷ Ei anna innvending er at stor innvandring til Norge kan ha bidratt til større grad av bykultur. Dette bør imidlertid kontrollerast mot grad av integrering mellom etniske og nye norske, og ikkje minst om innvandrarar til Norge sjølv har rural eller urban bakgrunn.

³⁸ «Vi har knapt ein bytradisjon i dette landet», seier Hompland (1984, 17). Vi meiner, som det etterkvart bør vere klart, at dette fører til ein svak eller manglande urban habitus i Norge i dag. Det kan synast som at Schieffloe (2002) er usamd med oss. Han peikar på at nye framveksande generasjonar i Norge har klare preferansar mot eit urbant liv, på tross av eit dominerande bilde av at «i Norge liker vi ikke byer». Han viser til undersøkinga Norsk Monitor og konkluderer at urbaniseringa er varige forandringer. Også Havaeraen (1993a, 32) meiner å finne at bostadspreferansar sidan 60- og 70-talet har gått i urban retning.

Bostadens kultur og den urbane habitus

for at ein ekte bykultur skal få utvikle seg er knapt til stades. Det er den rurale habitus som styrer byutviklinga.

Ein av prosessane som gjer utvikling av bykultur vanskelegare er utskiftinga av bybefolkninga. Sidan 60-talet har det vore vanleg at ungdom flytter mot byar for å få utdanning og finne arbeid. Etter utdanning og ekteskap ser dei seg om etter ein stad der dei kan kjenne seg komfortable saman med barna. Svært mange flytter til villastrøk i forstadar eller sovekommunar rundt bykjernen. Dei er framleis knytt til byen. Men dei er no i ein ekstensiv by som for barn og ungdom og dei som står utanom arbeidslivet har låg folketettleik og lågt folketal,³⁹ og som for dei vaksne er ein svært funksjonsfattig by. For å ta del i den spesialiserte arbeidsdelinga som gir grunnlaget for det økonomiske systemet vårt må dei reise langt. Dei møta som den tette byen tvingar folk inn i skjer ikkje i den ekstensive byen. Ein går dermed glipp av den læringsa som avleirar seg i minnet og kjenslene når ein lever tett i storbyen sitt varierte yrkes- og næringsliv. Dei delane av norske byar der folk bur tett har også låg befolkningsstabilitet. Den urbane habitus får dermed ikkje festne seg hos mange nok til at det kan gi grunnlaget for ein urban kultur. Oppfatningane av kva slags bostader som er attraktive vil dermed endre seg berre sakte. Dette ser vi mellom anna ut frå spørsmål om kva slag urbanitet av bostad ein ideelt sett ville ønskje.

I tabellen ovanfor på neste side har vi stilt saman dei ønskje om bostad som folk gir uttrykk for på tre tidspunkt i løpet av dei siste 40 åra. Diverre gjer ulike spørsmålsformuleringa at det er vanskeleg å samanlikne ønskja. I 1967 vart folkestørleiken nytta direkte i spørsmålet. I 1991 og 2010 var det erstatta med kategoriar som storby og småby. Ut frå registreringa av noverande bostad ser det ut til at innhaldet i til dømes kategorien småby har endra seg frå 2-20.000 i 1991, til 5-50.000 i 2010. I tolkinga bør vi ha i mente at det er respondenten si eiga forståing av kvalitetane ved ulike kategoriar som avgjer svaret. Dernest veit vi at folk i stor grad vel same type bostad som den dei faktisk bur på.

³⁹ Haveraaen (1993a, 51-52) peiker på at det vi i Norge kallar urbanisering ofte inneber at folk buset seg i villa- og småhusstrøk i utkanten av byane. Kvardagen her er langt frå eit urbant liv i eit storbysentrum. Dette viser at det er mange ledd mellom ytterpunktana urban og rural. Og alt som foregår innanfor ei bygrense er ikkje automatisk å rekne som urbant. At store deler av Oslo-befolkninga bur i drabantbyar og brukar fritida i «marka», vitnar om det same. Haveraaen (1993a, 26) kallar slikt for «urbanisering light»; urbaniseringsbølgja stoppar i småbyar og forstader. Sjølv om hans bidrag kom ni år før Schiefloe (2002), kan det lesast som ei alternativ tolking av slike data som Schiefloe bygg sin argumentasjon på, j.f. forrige fotnote. Berg & Lysgård (2004b, 71) kallar det same fenomenet for ruralisering av byen: «boligområder i byer formes ut fra et bilde av ruralitet». Hompland (1984, 5) er inne på det same; større byar har vakse i periferien.

Tabell 1. Uttrykte ønskje om urbaniseringgrad av bostad dersom ein kunne «velje fritt» på tre tidspunkt: 1967, 1991 og 2010.

		Bostadstypar			N		
2010	Storby (+50.000)	Småby (5-50000)	Tettbygd strok	På et småbruk	I et øde område	Vet ikke	
Ønskje	21.3	30	25.8	18.4	3.2	1.2	999
Faktisk	33.9 [*]	23.9	21.5	19.9 (landsbygd)		0.7	
1991	Storby	Forstad til storby	Småby	Tettstad i landkommune	Spredbygd		
Ønskje	7.6	19.2	24.9	30.9	17.5		2859
Faktisk	12.4	19.6	17.7	33.2	17.1		
1967	Over 100.000 inb	20.000- 100.000 inb	2.000- 20.000	200-2.000	Spredbygd		
Ønskje	5	4.2	12.2	27.8	48.1	2.8	2815
Faktisk	28.4		17.8	18.0	35.7		

Kjelder: Berge (1971); Haveraaen (1993a); og Sentio Research/ Nationen/ Rino Andersen.

http://www.nationen.no/2010/07/19/landlig_livsstil/flytting/meningsmalning/6069688/ Lesedato: 15. april 2011.

* I grunnlagsstaben er det for faktisk bostad skilt mellom Oslo (12.3 prosent) og by med over 50.000 innbyggjarar (21.6 prosent). I kategoriane som er mindre enn småby er det berre skilt mellom tettstad og landsbygd.

Bostadens kultur og den urbane habitus

I tabellen merkar vi oss for 2010 korleis kategoriane småbruk og øde område får 21.6 prosent av ønskja, medan 19.9 prosent vert registrert som busett på landsbygda. Dette er meir enn dei vel 17 prosent som vart registrert for spredtbygd i 1991. Men mykje mindre enn spredtbygd i 1967. Slår vi saman alle kategoriane under småby finn vi at det i 1967 var 75.9 prosent som hadde bostadønskja sine på nivå under småby, i 1991 var det 48.4 prosent og i 2010 47.4 prosent. Det store spranget frå 1967 til 1991 samanlikna med 1991 til 2010 kan tyde på at spørsmålsformuleringa kan ha verka inn. Men det er likevel grunn til å tru at det faktisk har skjedd ei endring i folk sitt syn på det å bu i tettbygd strøk sjølv om det framleis er færre som ønskjer seg til storby enn dei som faktisk bur der. Om skilnaden faktisk har auka frå 1991 til 2010 er vanskeleg å seie sidan skiljet mellom storby og småby har endra seg frå maksimum 20.000 i 1991 til maksimum 50.000 i 2010. Ser vi litt bak tala finn vi i 1967, i 1991 og i 2010 at ungdom i større grad vel storby og i mindre grad landsbygda, samanlikna med dei eldre. Sidan trenden synest stabil over tid er det truleg ein kohorteffekt der ein flytter til byen i ungdommen og ut til forstad eller tettstad når ein som litt eldre stiftar familie, slik vi skisserer ovanfor.⁴⁰

Ein meir tentativ konklusjon, basert på det store skiljet i synet på spredtbygd mellom 1967 og 1991, kan vere at framveksten av bygdebyen⁴¹ har varig endra synet på avstand til naboen mellom folk flest. Ein kan ha avstand til naboen også i byen. Men bygdeby, bynære villastrøk eller bostadområde i sovekommunar kan ikkje gi folk slike daglege opplevelingar som berre vert generert av befolkningsmessig heterogenitet og storleik. Vilkåra for utvikling av ein urban habitus er dermed ikkje til stades.

Det følgjer av dette at urbane erfaringar som kan gi innsikt i behovet for kollektiv handling ikkje får tid til å avleire seg i habitus hos mange nok til at det festnar seg som ein del av den lokale kulturen. Livet i velorganiserte små og oversiktlege tettstader gir lite erfaring med storbyen sitt vedvarande

⁴⁰ Haveraaen (1993a, 28-29, 38) viser til det same: «Det synes å være et livsfase-fenomen at de fleste av oss blir mindre mobile og mere opptatt av trygghet og stabilitet med alderen». Sjølv om ein då buset seg meir ruralt kan ein imidlertid bære med seg «elementer av urbane holdninger».

⁴¹ Ein bygdeby er ein stor tettstad. Her finn ein ofte ei industribedrift og kanskje ein jernbanestasjon. Ofte ligg også administrasjonssenteret for kommunen i bygdebyen. Bygdebyen inneheld dei fleste funksjonane til ein liten by, og kan, men treng ikkje å ha, bystatus. Dømer på bygdeyar i Norge er Raufoss, Volda, Voss, Jørpeland og Sogndal. Meir om bygdebyen er å finne i Hompland (1984). Han seier det noko framande ved bygdebyen kjem av «at vi tumlar rundt med skjemaet om bygd og by i hodene våre - enten vi er leke eller lærde» (Hompland 1984).

støynivå. Røyk og anna luftureining, kloakk og forsøpling er ute av syn. Fysiske avgrensingar av utsyn og dei mange stengsla for aktivitetar er det relativt lite av. Dei inntrykk som kvar einskild tar inn over seg er gjenjenneleg og meiningsfull informasjon. I byar vil mengda av utrivelege og uønska påverknader blir større til fleire folk det er på ein stad og til tettare dei bur. Men det er også grunn til å tru at uønska effektar i byar er større der aktivitetane er utført av folk med ein rural habitus og at reaksjonen på denne typen uønska opplevingar blir større hos dei som har ein rural habitus. Dei fleste innflyttarar til tettbygde byområde vil, når ubehaget vert meir påtrengande enn glede ved kvar dag å oppleve noko nytt, kjenne eit ønskje om å flytte ut av den tettbygde byen, til eit tynnare befolkta villaområde. Økonomi avgjer sjølvsagt kven som faktisk kan gjere dette. Det viktige for oss er å sjå at dei kulturelle ideane om dei individuelle fridomane som ligg i den rurale kulturforståinga blir oppretthaldne. Dette kan skje mellom anna fordi teoretisk grunngjevne forsøk på å avgrense fridomen (t.d. avgrensing i bruken av privatbil) ikkje finn legitimitet mellom veljarar og folkevalde politikarar med ein rural habitus.

Vi er ikkje i tvil om at fråværet av dei utrivelege påverknadane i storbyen er ein velferdsgevinst. Men vi ser også at vi i Norge manglar dei erfaringane som gir ein urban habitus; vi manglar den kroppsleggjorte innsikta i krava til kollektiv handling som store urbane samfunn krev.

DEL II

Allment om kulturen i ein lokal kontekst

Bygd og by får mening som kontrastar til kvarandre. På same vis kan vi seie at bykulturen eksisterer som kontrast til bygdekulturen. For å kunne studere variasjonar i utviklinga av lokale kulturar må ein ha med det urbane på eine sida og det rurale på andre sida. Ein kan seie at sitatet frå St. Hallvard har to dimensjonar i diskusjonen av bykulturen: den fysiske utforminga av miljøet og det sosiale livet mellom husa.⁴² Dette er det ein konkret ser av byen og er råmaterialet for spekulasjonane her. Sidan kultur er noko meir enn teater og kaféliv, litteratur og arkitektur, leik og flanering, sidan kultur har å gjere med

⁴² Funksjonalismens arkitektur hadde lite sans for livet mellom husa. Dette førte etter kvart til reaksjonar og påvisning av korleis ulik utforming av uterom påverkar afferda til folk som brukte husa og uteromma, sjá til dømes Jacobs (1961), Daun (1974), Gehl (1980) og Schiefloe (1985, 160-162). Lillebye (1996) drøftar gata si rolle i byplanen i same perspektiv. Samspelet mellom boform og livsform, det vi her tenker på med bostadens kultur, er likevel dårleg forstått.

Bostadens kultur og den urbane habitus

verdiar og prioriteringar, med språk og verdsbilete, må vi ha ei formeining om korleis kultur og fysisk utforming (til dømes i tydinga tett-spreddt) spelar saman.


Kjernen i det vi meiner er bykultur ligg i dei prosessane som vert sett i gang av at folk bur, arbeider og lever tett innpå einannan. Ein viktig slik prosess er den emosjonelle tilpassinga til livet i ein stor tettfolka by. Til større folkemengd det er av slike som lever tett innpå einannan, til fleire daglege møte vil det vere der ein ikkje kjenner eller kan identifisere den ein møter. Likevel må ein tilpasse seg. Det vert da utvikla det vi kan kalte sosiale trafikkreglar. Kodane kan på mange måtar seiast å liggje på grensa til det umedvitne. I den grad slike kodar går inn i habitus til folkegruppa vil dei også hjelpe kvar einskild til å kjenne seg heime mellom dei mange. Vi tenker på dette som den emosjonelle basisen for ein bykultur. Men skal dette skje må byen vere så stor at dei daglege opplevingane av å møte det ukjente ikkje endrar karakter over livsløpet til den einskilde.

Byen Hyderabad i India har vakse frå omlag tre millionar innbyggjarar i 2001 til omlag ti millionar i 2010. Ei vekes opphold⁴³ ga sterke inntrykk, som til dømes av folketettleiken på fortau og gater og av tettleiken av køyretøy. Å gå rundt som turist på gata var ei slitsam oppleving. Den korte avstanden til folk på sida, framfor og bak var påtrengande. Å krysse gater med full trafikk var eit «action-eventyr». Å oppleve dette som turist er verd reisa. Men i det lange løp ville rapportøren frå Hyderabad personleg finne det slitsamt. Ut frå teorien om manglande urban habitus er det likevel ikkje urimeleg å tru at nordmenn flest ville kjenne mykje av det same. I det daglege vil ein helst ha avstand nok til at ein ikkje treng uroe seg over kva den framande kan finne på, eller oppleve trykket av dei mange uønska konsekvensane som aktivitetane til dei framande har. Dette er sjølvsagt allment. Poenget er at avstanden ein treng for å kjenne seg trygg er både variabel og ein del av den lokale bostadkulturen.

Ein konsekvens av at ein finn det slitsamt å bu i den tettfolka store byen kan vere at ein freistar finne i alle fall bostad og oppvekstvilkår for barna på stader der ein ikkje til ei kvar tid vert utsett for det sosiale trykket av den ukjende folkemengda. Folk som manglar den emosjonelle basisen for bykulturen vil gi uttrykk for at dei helst vil bu på småstader eller i villastrøk, som ofte kan likne på småstader, framfor å peike på storbyen som den beste bostaden. Dette kan vere *ei* tolking av trendane vi ser i meiningsmålingar om spørsmålet ønskt urbaniseringsgrad av bostad, frå 1967 til 2010.

⁴³ Den eine av forfattarane, Berge, hadde i januar 2011 eit noko utvida konferanseopphold i Hyderabad.

Hypotesen om at bykultur må byggjast på ein emosjonell basis som gjer folk komfortable med dei daglege tilpassingane som må gjerast i folkerike, folketette strøk, er del av ein meir allmenn tenkemåte som vi har skissert ei ramme for i figuren nedanfor.



Reint allment vil ein kunne tenke seg at sambandet mellom aktøren, samfunnsstrukturen, og kulturen kan framstillaus som ein vekselverknad over tid. Vekslinga skjer mellom på eine sida individuell læring og handlingsval i ein gitt kontekst, og på andre sida endringar i røyndomen. Desse endringane er konsekvensar av individuelle handlingsval og tar form av endra handlingsrammer og nye kulturelle premissar.

I studiet av handlingsvala hos individuelle samfunnsaktørar synest det i dag å vere to hovudtilnærmingar. Mennesket er på den eine sida ein aktør som er rasjonelt kalkulerande og mål/middel-orientert i handlingsvala.⁴⁴ På andre

⁴⁴ Modellen av mennesket som ein rasjonelt kalkulerande og fullt informert aktør vert ofte identifisert som det «økonomiske mennesket». Som teorielement er ikkje

Bostadens kultur og den urbane habitus

sida er mennesket eit forståande, meiningsøkande og meiningskapande subjekt som handlar slik det kjennes mest meiningsfullt. For å skjøne korleis ein lokalitet sine eigenskapar kan verke inn på kulturen må ein ha med begge perspektiva, ein må sjå på mennesket som både nytemaksimerande og meiningsøkjande aktør.

Kva rettesnor har folk for å velje ein aktivitet framfor ein annan? Denne rettesnora finn menneska i kulturen. Gjennom oppvekst og sosialisering inn i samfunnet lærer dei kva som er viktig og uviktig, kva som er rett og urett, og kva som er attråverdig og avskyleg.⁴⁵

Spørsmålet om kva som etablerer ein skala frå attraktivt til avskyleg og korleis menneska får forma oppfatningane sine om kva som er godt og kva som er gale, reiser nye spørsmål. Kva rolle spelar oppvekst og erfaringar gjennom livsløpet? Korleis er forholdet mellom kva den einskilde trur og summen av alle sine meininger og oppfatningar? Vi må studere korleis kulturen i samfunnet er spegla i kvar einskild sine oppfatningar av kulturelle verdiar og prioriteringar.⁴⁶

Men kulturen har ei historie. Den er ikkje skapt av seg sjølv. Ein kultur er tufta på dei daglege erfaringane til kvart einskild medlem av samfunnet. Kulturen set erfaringane inn i rammer der dei lar seg tolke og der dei blir gitt vekter som verdifulle eller negative. Når aktørane ut frå kulturelle premissar vel handlingar innan den ramma samfunnsstrukturen set, vil det og kunne spørjast om det er samsvar mellom prioriteringar, handlingsval og resultat. Dersom store grupper over lengre tid opplever eit manglande samsvar mellom prioriteringar og resultat byrjar interessante ting å skje. Nokre freistar med

«Economic Man» berre ein påstand om at mennesket kalkulerer rasjonelt over tap og vinning ved ulike handlingsalternativ. Teorien impliserer også at ein aktør alltid skal kjenne og kunne rangere preferansane sine (kva som er attraktivt og kva som vekker avsky). Den føreset vidare at alle relevante måltilstandar er kjent og at alle relevante handlingsalternativ er kjent. Med full kunnskap om tilstanden i omgivnadene, eigne preferansar, tenkelege mål og mogelege handlingsalternativ vil ein kunne rekne seg fram til det optimale handlingsvalet. Mot dette vert det mint om at dei tenkelege måla oftaast er sterkt avgrensa av kva andre aktørar gjer og kva samfunnet sine institusjonar ser som legitime og illegitime handlingar. Dessutan tar det tid og ressursar å skaffe kunnskap om tilgjengelege handlingsalternativ og å organisere eigne ressursar for å oppnå ein måltilstand. I tillegg er menneska sin intellektuelle kapasitet til å kalkulere tap og vinning feilbarleg. Mangel på tid, ressursar, kunnskap og intellektuell kapasitet gjer at den rasjonelle nytemaksimerande modellen av mennesket har liten bruksverdi utanom marknadssituasjonar med mange seljarar, mange kjøparar og prisar som er kjent av alle til ei kvar tid (som t.d. aksjebørsar), sjå t.d. Ostrom (1998) og Gintis (2009).

⁴⁵ For ei innføring i denne måten å tenke på kan det visast til Berger & Luckmann (1966) og Schutz & Luckmann (1973).

⁴⁶ Innan psykologi og økonomi er det gjort svært mykje interessant i denne retninga. Sjå til dømes Gintis et al. (2005) og Kahneman & Tversky (2000).

uprøvde handlingsval, andre byrjar å revurdere premissane. Spørsmål eller tankar om kvifor folk bør ønskje å gjere noko anna enn det dei gjer, fører i eit demokrati til politisk verksemd. Jamt over vil eit demokrati føre til at vanlege folk sine ønskje vinn fram. Men dette skjer ikkje alltid og i alle samanhengar. Politikk kan også sjåast som ein freistnad på å systematisere tolkingane av samfunnstrukturen både i høve til aktørar som ikkje når mål dei set seg, og i høve til at ulike aktørar kan ha ulik oppfatning av korleis samfunnsstrukturen skal gjere somme valalternativ lette og andre vanskelege.

Resultatet blir kulturell endring, og endringane vil vere ulike for ulike folkegrupper. Dette ser vi i det norske samfunnet i dag. Subkulturar veks fram for ulike grupper definert etter til dømes alder, kjønn, utdanning og yrke. Der det før fanst eit mangfald av bygdekulturar, finn vi i dag eit mangfald av gruppekulturar som konkurrerer om å vere best eller å vere «in». Dette mangfaldet finn vi først og fremst i større tettstader og byar.⁴⁷ Men mangfaldet ser ein etter kvart spor av også i mindre bygder, og då som utpostar av gruppene i dei større byane. Men i den grad slike miljø klarer å slå rot og reproduusere seg i mindre bygder, vil det fort bli slik at den einskilde bygda blir einsarta, medan mangfaldet står fram som kontrastar mellom bygdene. Heterogenitet i meininger, oppfatningar og vurderingar er avhengig av rimeleg store folkemengder.

Kva samband er det så mellom det samfunnet folk skaper kvar dag gjennom dei daglege gjeremåla sine og det samfunnet som tvingar dei til kvar dag å gjere nokre ting framfor andre? Vi ser at samfunnsstrukturen vil stå som eit slags tvingande element. Den representerer ei føring på menneska sine aktivitetar. Ut frå det folk ser av verda rundt seg synest somme aktivitetar enkle og lette, andre synest nesten umoglege. Føringane får verknader fordi folk flest vanlegvis vil følgje minste motstands veg. Og kva som er minste motstands veg er langt på veg fastlagt av samfunnsstrukturen.

Den fysiske utforminga av bostaden er ein del av samfunnsstrukturen.⁴⁸ Sambandet mellom fysisk utforming og den lokale kulturen er dermed ikkje,

⁴⁷ Mange hevdar imidlertid at mangfaldet også er på veg til å dominere bygdene, og som vi også tidlegare var innom, ser ein dette som eit urbaniseringstrekk. Sjå Berg & Lysgård (2004a; 2004b), Thorsen & Verstad (2004, 171), Rye (2006b, 420), Berg (2009), Skjekkeland (2009, 52-54), Flø (2010) og fleire bidrag i Almås et al. (2008).

⁴⁸ Naturgrunnlag og næringsgrunnlag er også standard variablar i det som heiter samfunnsökologisk teori. Sjå til dømes Hawley (1950), Duncan (1964), Vayda (1969) eller Bates & Skogseid (1997). Njå (2010) drøftar meir konkret korleis dei fysisk omgivnadane på Bryne påverkar aktøren sine aktivitetar, trivsel og sosiale liv.

Bostadens kultur og den urbane habitus

etter modellen ovanfor, kausalt. At den fysiske utforminga representerer ei føring betyr i denne samanheng at innan dei rammene den fysiske utforminga utgjer, vil visse typar aferd vere lettare enn andre typar aferd. I spredtbygde villaområde er det til dømes sjeldan ein møter ein framand som ein med sort sannsyn aldri vil møte igjen. Villastrøk har ein arealbruksstruktur som tenderer til å reproduserer sosiale møter på ein måte som liknar det små stamnesamfunn eller små bygdesamfunn har gjort i uminnelege tider. Det er lett å handtere slike møte, det ligg i vår rurale habitus. Men med tilsvarande møter i Storgata i den verkeleg store byen er det svært liten sjanse for at vi skal møte igjen dei same folka. Den lette tilnærminga til dette er å gjere som vi ikkje ser. Å sjå og freiste hugse kven ein møter og kvar vil vere krevjande.

Arbeidsdelinga er den andre viktige delen av samfunnsstrukturen. Grunnlaget for store tettfolka bysamfunn ligg ikkje i at folk i utangspunktet ønskte det stort og tett. Men drivkrefter som ligg i spesialisering, arbeidsdeling og innovasjon gjer byvekst til ein prosess som ein i dag ikkje kan komme rundt. Det er utenkeleg at ein sivilisasjon basert på teknologisk endring og kunnskapsvekst skulle overleve utan store tettfolka bysamfunn. Denne konklusjonen er verken ny eller original. Men vi ser at norsk politikk framleis har problem med ei slik erkjenning. Planlegging og utbygging av større byar er nemleg forsømt. Planlegging og utbygging av kommunikasjonar mellom småbyar, som eit stykke på veg kan kompensere for mangelen på store byar, er også langt på veg forsømt. Med den typen økonomisk verksemد som Norge har spesialisert seg på dei siste hundre åra har ein klart seg godt utan å byggje opp store byar i vår meinинг av storby.

Med andre ord: Næringsliv som ikkje treng storbyar har klart seg godt og har vore tilstrekkeleg til å gi den norske befolkninga ein god levestandard. Folketalet i landet har vore lågt og vokse sakte. Folk som vaks opp i Norge i denne perioden var som regel ikkje komfortable med å bu tett i store folkekonsentrasjonar. Dermed har ikkje Norge hatt noko grunnlag for framvekst av store byar.⁴⁹ Så lenge bykultur er den kulturen som utviklar seg der store folkegrupper bur, arbeider og lever tett saman, følgjer det at vi i Norge ikkje har nokon veletablert bykultur. I beste fall har vi spirer.

⁴⁹ Det kan argumenterast for at Bergen i seinmiddelalderen og eit stykke utover hadde eit visst grunnlag for å bli sett som storby i vår forstand. Den lange historia som Hansaby og det internasjonale innslaget av bybuarar som handel og sjøfart førte med seg, kan ha gitt befolkninga større heterogenitet enn det storleiken i seg sjølv kunne gi grunnlag for. Men den internasjonale handelsbyen Bergen vart etter kvart mindre viktig. Dei siste hundre åra har den slik som Oslo i aukande grad fått karakter av ekstensiv by med liten stabilitet av befolkninga i bykjernen.

Drivkrefter i stadssamfunnet sin kultur

-bygdebyen som «kvasiekspert» for studiet av kulturell endring. Bygdebyen med sovegrendene er eit forholdsvis nytt element i det norske landskapet. Bygdebyen som noko spesielt, etablerte seg raskt i perioden 1960-80.⁵⁰ Langdalen (1994, 56-58) viser til fire viktige årsaker til den raske framveksten. Den er til dels eit resultat av ein politisk reaksjon på «flukten frå landsbygda» på 1950 talet. Den store tilflyttinga ikkje minst til Oslo på 1950 talet førte til utvikling av ein vekstsenterideologi. Regionale vekstsenter skulle avlaste dei store byane. Den desentraliserte tettstadsveksten vart samtidig forsterka av den sterke oppbygginga av offentlege tenester som skole og helsevesen. Den fysiske utforming av desse tettstadane vart raskt påverka av at bilsalet vart fritt etter 1960. Reiseavstand vart dermed eit raskt minkande problem. I tillegg kom fagbaserte krav til bygging på landsbygda, styrt av plan og bygningslova som i ny utgåve vart gjort gjeldande for heile landet frå 1965. Frå jordbruksmynda kom det krav om vern av dyrka mark, noko som gjorde det vanskelegare å bygge hus på landsbygda. Men folk viste med vala sine at dei hadde ønskje om avstand til framande naboar. Dette er grobotnen til bygdebyen.

I samfunnet kan ein ikkje gjennomføre eksperiment for å studere kva verknader som følger av å endre på ein eller fleire føresetnader. Men når eit fenomen som bygdebyen dukkar opp så og seie over natta går det an å late som om dette er eit eksperiment, eit «kvasiekspert». ⁵¹ Vi skal ikkje gjøre nokon slik analyse her, men vi skal ha dette som tankemodell i drøftinga av dei allmenne vilkåra for formainga av stadssamfunnet sin kultur.

Med framveksten av bygdebyen ser vi at noko har endra seg. Har endringane konsekvensar for den lokale kulturen? Sett frå synstaden til den spredt busette jordbruksbefolkinga er bygdebyen tettbygd og har høvesvis mange menneske sysselsett i privat og offentleg tenesteyting. Vanleg jordbruksverksemnd er vanskeleg å sjå (sjølv om den skulle finnast). Sett frå

⁵⁰ Ellefsen (1986, 10) skriv at «Veksten i de nye bygdesentra har i landet sett under ett vært stor i hele etterkrigstida. Den økte i 1970-åra, en periode da byveksten stagnerte. Dette tiåret ble perioden for urbanisering av bygde-Norge. Så omfattende var endringene at de i ettertid kanskje vil bli vurdert like betydningsfulle for sosiale, kulturelle og politiske forhold som endringene i 25-års perioden fra 1875-1900, den betydeligste urbaniseringsprosessen så langt i vår historie». Sjå også sjå Hompland (1984, 4).

⁵¹ Ei utfordring ved eit slikt kvasiekspert er at vi ikkje kan halde effekten av omkringliggende variablar konstante slik ein kan i vanlege eksperiment. Dei kan eit stykke på veg «kontrollerast for» ved hjelp av multivariate analyseteknikkar. Nokre slike variablar som vi meiner er viktige er: avstand til nærmaste større tettstad eller by, lokalisering i eit kommunikasjonsnettverk og næringsstrukturen på staden.

Bostadens kultur og den urbane habitus

synsstaden til den tett busette bybefolkninga ser bygdebyen ut som ein landleg idyll. Jordbrukslandskapet dominerer omgivnaden og avstandane både til natur og til offentlege tenester er små samanlikna med avstandane dei er vane med i byen. Men korleis opplever innbyggjarane i bygdebyen sjølv avstandane og korleis ser dei på natur og kulturlandskap rundt seg? Korleis skil bygdebyen seg frå bygda på eine sida og brå byen på andre sida i tenkjemåtar, verdiar og ideal som rører ved arealbruken.

Vi vil gjennom å studere tilgjengeleg litteratur om temaet, samanlikne kulturen slik vi finn den i bygdebyen med den vi på eine sida finn i ein tradisjonell by og på andre sida i ei tradisjonell bygd. Dersom kulturen i bygdebyen er ulik desse to andre vil vi bli styrka i trua på at det knippet av faktorar som gjer bygdebyen ulik både byen og bygda har konsekvensar for den lokale kulturen som utviklar seg. Gjennom ei slik drøfting meiner vi å kunne lære noko generelt om korleis kultur blir forma av bostaden.

Det knippet av faktorar vi tar utgangspunktet i er 1) naturgrunnlaget for bostaden, 2) folketallet på staden og folketettleiken definert som talet på hus og personar for kvar rutemeter, 3) avstandar og transportmåtar for folk og varer, og 4) næringsgrunnlag for befolkninga på staden. Desse faktorane⁵² blir i det følgjande kommentert kvar for seg.

Naturgrunnlag og kulturlandskap

Bygdebyen ligg ofte nært til utmark og er ofta omkransa av aktivt jordbruk. Men bebyggelsen vert kritisert av mange (Langdalen 1994, 59-60). Den vert sett som därleg tilpassa lokal byggeskikk og omkringliggende landskap. Bygningane er stereotype ferdighus og planløysinga føreset bilbruk. Lokalisering av offentlege funksjonar er lite gjennomtenkt og private får som regel, gjennom dispensasjonar, gjere som dei vil. For fagfolk står bygdebyen fram frå landskapet som lite vellykka sett som tettstad.

Under eit studieopphold i Sør-Tyskland fekk ein av forfattarane (Ullenes) erfare ein svært annleis småstad-struktur, enn kva den norske bygdebyen representerer. Små stader i delstaten Baden-Württemberg ser tilsynelatande ut som klassiske byar med sine tronge gater, små torg og nærleik til offentlege tenester, som til dømes jernbane og rådhus midt i eit tett

⁵² Andersson (1987, 38-39) viser til ei rekke skiljelinjer mellom urban og rural. Blant desse er miljømessig kontrast, storleik og tettleik i befolkninga, mobilitet og sysselsetting. Dette er forhold som vi også ønskjer å vurdere her. Aarsæther (2010) presenterer ei analyse av utviklinga i Nord-Norge dei siste 60 åra. Der tar han i bruk liknande faktorar som vi her nytter.

sentrum. Likevel har desse småstadane ofte like få innbyggjarar som ein norsk bygdeby. Planløysingane i dei gamle middelalderbyane, både dei små landsbyane og kjernen i det som i dag er dei store metropolane, vart diktert av at alt måtte vere innan gangavstand og innanfor forsvarlege forsvarsverk: bymuren. Den maksimale storleiken synest å ha lege rundt ei «square mile».⁵³ Sjølv dei største av desse byane var på 1400-talet under 100.000 innbyggjarar. I Tyskland hadde den største byen den gong ca 35.000 innbyggjarar (Mumford [1961] 1966, 359-361). Arealbrukspreferansane til vanlege folk hadde den gongen liten verknad på byforma. Det interessante er om byforma påverka haldningane i retning av ein urban habitus.

Den norske bygdebyen hadde ingen skrankar i form av gangavstand eller bymurar. Utbygginga skjedde i eit politisk system der folk sine ønskje har ei viss vekt. Nordmenn i bygdeby ønskjer ikkje tronge gater og bynære forhold til naboen, men luft, hage og avstand til folk; med andre ord eit meir bygdeaktig liv. Nordmenn sitt forhold til natur er dermed ei av drivkreftene som formar framveksten av bygdebyane. Naturen er ein slags motpol både i høve til by og sivilisasjon. Den representerer både det ville og ubrukte, og samstundes einsemd, ro og fred.⁵⁴

Bybuarar «flyktar» ut i naturen for å finne ro og fred i sjela, gjerne omtalt som rekreasjon. Men kva gjer dei som har heimen sin i ei sovegrend i ein liten bygdeby? Truleg ikkje så mykje anna enn bybuarar.⁵⁵ Livsstilen i bygdebyen, med tanke på yrkesaktivitet, døgnrytme og fritidsaktivitetar, er i samanlikning med den tradisjonelle landsbygda langt meir lik den i byen (Hompland, 1984). Eit døme er at tradisjonelt urbane oppfatningar av kva ferie og fritid er i dag har blitt til ein nasjonal «feriekultur». Likevel er avstanden og det visuelle inntrykket viktig for synet på kva natur er og kva by, i motsetnad til natur, er. Bygdebyen ligg opplagt nærmare til å vere «natur» enn byen. Og i ei tid der

⁵³ Ei kvadrat «mile» er 1609.3×1609.3 kvadratmeter stor, eller ca 260ha.

⁵⁴ Krange & Skogen (2003) er inne på korleis det urbane står i kontrast til natur.

Jegerane som dei gjorde feltarbeid blant prata varmt om naturen: ein stad for «ro og rekreasjon» (Krangi & Skogen 2003, 269). Dette står i sterkt kontrast til storbyar, som jegerane skildra som «menneskefiendtlige steder hvor de selv aldri kunne trives». Ved å «[begrepsliggjøre] ulven som unaturlig» kan jegerane elske naturen og samtidig «hate ulvens tilbakekomst. (...) Dagens rovviltsforvaltning framstår da som noe som ligner storbyens kaos» (Krangi & Skogen 2003, 271). Dei to sosiologane viser med dette korleis forskjellar mellom by og natur endå til kan vere ein arena for kultukamp.

⁵⁵ I sekstiåra var tendensen at folk i bygdebyen nyttar meir tid på friluftsliv enn bybuarar. Folk som budde i gardbrukarmiljø var dei som i minst grad rapporterte at dei dreiv friluftsliv (Tagseth 1969, 121-135). Gåsdal (1995) studerer deltaking i friluftsliv i Trondheim. Han finn at avstand til bestemte destinasjonar er ei allmenn hindring, men han finn også at den er mindre enn forventa.

Bostadens kultur og den urbane habitus

det har blitt viktig å finne fram til tenkemåtar og organisasjonsformer som kan få menneska til å spele på lag med naturen heller enn å kjempe for å legge den under seg, er det kanskje synet på byen som «unatur» som treng revisjon?

Befolkningsstorlek og tettleik

I bygdebyen bur ein tett samanlikna med jordbruksbygda, i praksis like tett som i forstadane til dei store byane. Men folketalet er mindre.⁵⁶ I tett/spredt-dimensjonen tenker ein ofte på begge desse komponentane: *befolkingstettleik* sett som talet på personar for kvar arealeining og *befolkningsstorlek* sett som talet på personar innan eit dagleg pendlingsomland. Begge komponentane er viktige, men på litt ulike og til dels motstridande måtar.

Befolkingstettleik er viktig fordi det med aukande tettleik i sterkare og sterkare grad vil bli generert nye sosiale prosessar.⁵⁷ Desse veks først og fremst ut av problema som følgjer med det å bu tett; dei uønskte verknadane som den einskilde sine aktivitetar har for naboar og andre i nærlieken (eksternalitetar). Mest elementært ser vi det i behovet for renovasjon, avløpssystem og politi. Men det er også tydeleg i form av kontrolltiltak for å lette problem som spreying av smittsame sjukdommar, støy og luftureining. Befolkingstettleik kan imidlertid også føre med seg ei rekke fordeler som til dømes gode naboar og variert sosialt samvær, hyppige møter der opplevelingar og hendingar kan vurderast og verdsettast og ikkje minst enklare koordinering av fellestiltak.

Befolkningsstorlek må vere kopla med tettleik om den skal vere

⁵⁶ For kulturelle skilnader mellom drabantby og bygdeby viser vi til Hompland (1984, 17).

⁵⁷ Halseth (1998) viser til dømes korleis hytter på landsbygda utfordrar det etablerte, med nye sosiale forhold som resultat. Flø (2010, 21) skriv at når både byar og pendlingsomland strekk seg ut (på grunn av auka befolkning), så aukar både ruraliteten og urbaniteten. Sjå også Berg & Lysgård (2004b, 71), samt Nesje & Hidle (2006) om flytande forhold mellom kategoriane urbanitet og ruralitet.

Der befolkingstettleiken blir stor talar ein ofte om overbefolking. Problema med overbefolking har ofte vore studert med tanke på at den kan vere årsak til dei problem som samla gjerne blir omtala som sosiale patologiar: familieproblem, stress, psykososiale problem, sinnssjukdom, sjølvmord osv. For ein oversikt, sjå Walmsley (1988, 127-139). Forskinga har ikkje kunna gi sikre konklusjonar verken for eller mot slike samanhenger. Og skulle dei finnast er samanhengane kompliserte og betinga av mange andre faktorar. Verknaden av befolkingstettleik i form av eksternalitetar (velferdsverknader av ein aktivitet for andre enn den som tek avgjelda om aktivitetten), er langt sikrare og etter vår mening langt meir interessant for kulturutviklinga.

interessant. Med aukande storleik på befolkninga vil vi dels finne at prosessar generert av tettleiken blir forsterka og dels finn vi nye prosessar. Den viktigaste nye prosessen ligg i at arbeidsdelinga skyt fart. Vi skal nedanfor komme tilbake til korleis arbeidsdelinga er kopla til befolkningsstorleik og -tettleik. Her vil vi kort nemne at til større befolkning som er innan effektiv kontaktavstand, til betre grunnlag har folk med spesialisert kunnskap og med like spesialiserte kundar til å finne nok kundar til å skape seg eit levebrød. Men prinsippet gjeld ikkje berre for næringsverksemd. Det gjeld like mykje for sosialt samvær og, sjølv sagt, asosiale aktivitetar. Sjansen for at folk med spesielle interesser og hobbyar som til dømes fuglekikking, skillingsviser eller kaproing, kan finne likesinna, veks med befolkningsstorleiken. Befolkningsstettleiken er i den samanhengen viktig berre fordi den avgjer kor stor befolkning som er tilgjengelag innan eit dagpendlingsomland.⁵⁸

Avstand og transportmåte.

Den geografiske utstrekninga for eit dagpendlingsomland⁵⁹ er fastlagt av transportteknologi og transportkostnader, inklusiv tidsbruk. Og med eit blikk på innbyggjarane i bygdebyane slår det oss kor bilavhengige dei er.

Avstandane frå sovegrendene til kyrkje, skole eller butikk er ofta så store at folk berre i særlege høve finn det passande å gå eller sykle. Bygdebyen er skapt for bilen, seier Hompland (1984, 11). Så i det daglege vil innbyggjarane der oppleve det som om dei er heilt avhengige av bil. Både befolkningsstettleik og befolkningsstorleik gjer det i praksis umogleg å få til kollektivtrafikk ut over skoleskyssen.

Men folk sitt forhold til avstand er motsetningsfylt. Avstand til butikk, til arbeid, til slekt og vener skulle gjerne vere mindre enn den er, medan avstandar til naboar, trafikk, næringsverksemd osv. gjerne skulle vore større. Avstand er truleg den einaste handlingsvariabelen som individet har for å

⁵⁸ Nesje & Hidle (2006) analyserer kvardagsmobilitet mellom by og omland. Dei er innom forskjellar mellom by og land, samt gjensidig påverking og samspel mellom dei to. Forfattarane meiner skilnader mellom by og land er ein føresetnad for dette samspelet. Dei skriv: «Teorien som hevder at forskjeller mellom by og omland - det urbane og det rurale - utviskes, må (...) nyanseres...» (Nesje & Hidle 2006, 71). Dette er viktig for å forstå det samspelet som skjer mellom dei to stadtypane. Dei to skriv også om staden som identitetsfaktor og meiner det heller er folk som flyt mellom by og omland, enn stadane som flyt saman. Og i eit identitetsperspektiv har denne flyten eigenverdi. Thorsen & Verstad (2004, 171) peiker på si side på at kommunikasjonsteknologi kan bidra til å knytte by og land saman. Vi kan dermed anta at flyten, som Nesje & Hidle omtalte, vil gå lettare og dermed auke.

⁵⁹ Grimsrud & Sørli (2004) diskuterer samanheng mellom «Flytting og bosetting, jobb og pendling».

Bostadens kultur og den urbane habitus

kontrollere dei negative ringverknadene av tettleik. Andre måtar å kontrollere negative ringverknader på krev organisering og over-individuelle (t.d. statlege eller kommunale) inngrep, med andre ord regulering av verksemda til kvar einskild. Men det er truleg skilnad på reguleringar som kjem etter krav frå folkeleg innsikt i felles problem og reguleringar som er innførte på grunnlag av fagleg innsikt i eit problem. Skilnaden har i så fall å gjere med kultur og legitimitet av reguleringar.⁶⁰

I Norge, mellom folk flest, manglar truleg slike daglege livserfaringar som må ligge i botnen av kulturelle kategoriar som kan rettferdiggjere offentleg regulering av arealbruk. At rovdyrforvaltinga manglar legitimitet i dei berørte bygdene er eit døme (Krane og Skogen 2003; Ullenes 2010). Her i landet har det alltid vore så god plass at negative ringverknader av tettleik lett kunne flyttast frå. Når så byveksten endeleg kom her i landet også, var det saman med bilen. Bilen vart redninga for den spredtbygde kulturen sitt forhold til by. Med bil kunne ein nyte dei positive ringverknadane av befolkningsstorleik utan å få med dei negative som følgde av befolkningstettleik. Og i bygdebyen kunne ein til og med få med nokre av dei positive verknadane av befolkningstettleik. I den bilbaserte bygdebyen treng ikkje folk endre kulturen sin, dei treng ikkje utvikle nye vurderingar og verdsettingar av det å bu tett. På eitt vis får folk i bygdebyen både i pose og sekks. Dette er ei kulturforklaring på bygdebyen sin framvekst i Norge. Men kor varig er utviklinga? Kva kulturelle kategoriar lærer dei som veks opp i bygdebyen? Kva forhold til bilbruk og avstand vil dei ta med seg når dei til dømes flyttar til byen?

I dei tidleg etablerte bykulturarne hadde ein ikkje høve til å flytte bort frå «ubehaget» i kvardagen i same grad som vi har hatt i tida etter 1950. Løysinga var dels å gjere bostadstrøk eksklusive gjennom prismekanismar og soneregulering. Dette kunne ta form av kulturelle kodar for å markere den sosiale avstanden der den geografiske mangla. Kunsten å forvalte sosial avstand finst enno.⁶¹ Men kor lenge vil denne typen bykultur finnast? Dei mange nyinnflytte innbyggjarane i storbyen som opplever ubehaget av tettleik vil drøyme om å kjøpe bil og flytte til forstaden.⁶² Og mange gjer nett det. Dette bidrar til stor utskiftingstakt i den delen av storbybefolkinga som bur tett. Så sjølv om det er mange som til ei kvar tid bur i den tettbygde delen av byen, er det for få som bur der lenge nok til at ein bykultur tilpassa fordeler og

⁶⁰ Som vi har sett tar skiljet mellom folkeleg og fagleg innsikt hos Krane & Skogen (2003) form av ein kulturmangl mellom by og land.

⁶¹ Sjå Haugen (1978); Bourdieu ([1979] 1984); Fagerheim (2008) og Ullenes (2010).

⁶² Meir om forstaden i Røe (2009).

ulemper i eit tettbygd område med stor befolkning, kan få vekstvilkår⁶³. Dersom dette stemmer betyr det at spiren til ein norsk urbanitet har därlege vilkår for utvikling.

Næringsliv og levebrød.

Befolkningsstorleik og -tettleik legg grunnlaget for spesialisering. Samansettinga av næringslivet på staden er det synlege uttrykket for arbeidsdelinga. Storleiken og tettleiken av befolkninga set rammer og opnar muligheter. Det gjer også naturen.

I bygda like så vel som i industribyen er det lett synlege teikn som fortel kva som er dei viktigaste formene for levebrød. I ein gjennomsnittleg bygdeby er primærnæringane framleis nære og synlege. Men kor viktige er dei som daglege erfaringskategoriar? Noko industri vil finnast. Men heller ikkje den klarer å sette merket sitt på bygdebyane. Ser ein etter viser det seg ofte at det er offentleg og privat tenesteyting som dominerer. Men for utanforståande er det ikkje lett å få auge på korleis ulike levebrød er fordelt mellom dei som bur i bygdebyen.

Næringsgrunnlaget er viktig for kulturutvikling fordi det påverkar dei daglege erfaringane til befolkninga på staden. Lamberg (1993) skildrar dette i sin artikkel om bygdekultur på Ryfylke-øyane i Rogaland: «Folket på små øyar og i små samfunn pregar kvarandre. Ein vert nøydd til å samarbeida om så mangt». Han meiner dette fører til tålmodige og rolege folk fordi strid ville ha trua det vitale samarbeidet som naturen krev: «me vil ikkje ha noko sjau», siterer Lamberg (1993, 10). Han peikar dessutan på korleis jantelova, som står sterkt på mange småstader, kan vekse ut frå det same behovet for å halde fred med naboen. At næringsgrunnlaget kan påverke bygdekulturen gjer seg også utslag i ei «ta-lagnaden-som-han-kjem»-innstilling. Ei slik haldning kan nemleg ha vore nødvendig for den som levde av jordbruk og fiske, for den som «i stor grad var avhengig av naturen sine luner» (Lamberg 1993). Eller som det også er sagt: den som lever av å dyrke pærer i Ryfylke, han kan ikkje leve kvart år (Surnevik 1993, 24).

Næringslivet i bygdebyen liknar på mange måtar eit urbant næringsliv. Men når det gjeld spesialisering er det, som vi noterte ovanfor, skilnad. I større byar vil vi finne fleire ulike typar spesialkunnskap saman med utdanningsinstitusjonar for spesialistar. Bygdebyen har truleg litt av både primærnæringar, handverk, industri og offentleg og privat tenesteyting, men

⁶³ Vedlegg 1 er basert på Statistisk Sentralbyrå sin tabell 3 i studien av sentralisering basert på flyttedata frå 2009 (<http://www.ssb.no/emner/02/02/20/flytting/tab-2010-05-06-03.html>). Tabellen og vedlegg 1 viser at Oslo har eit klart innflyttingsoverskot for aldersgruppene 16 til 29 år, medan Akershus har eit tilsvarende innflyttingsoverskot for aldersgruppene 30 til 49 år. Sørli (1989, 14) sin figur 3 viser same biletet for 1986.

Bostadens kultur og den urbane habitus

det meste er lite spesialisert. Det følgjar av dette at bygdebyen vil ha ei langt meir homogen befolkning enn byen.

At befolkninga i bygdebyen er meir homogen⁶⁴ enn i byen viser seg i forholdsvis små variasjonar i yrke, inntekt og forbruk (til dømes til bustad), samanlikna med større byar. Dette fører til stort samsvar i livsløpet til dei ulike familiene i bygdebyen. På den måten er det ikkje ulikt det vi vil vente å finne i reine bygder. Samfunn dominert av denne typen livsløp blir stundom omtala som dominert av parallellitet (Kjølsrød 1981). Homogenitet i levekår og livsløp blant bygdebyen si befolkning kunne kanskje tolkast som utslag av ein likskapsorientert kultur, men er kulturen likskapsorientert? Og i så fall: kva kjem først: likskap i vilkår eller likskap i kultur?⁶⁵ Det synest rimeleg å tru at også i bygdebyen vil næringsgrunnlaget påverke den lokal kulturen.

I byen er ulikskap openbart til stades på mange områder. Særleg interessant er komplementariteten mellom ulike spesialitetar og avhengigheta mellom ulike aktivitetar. I den grad bybuarane er opptekne av likskapsideal må dei legge vekt på ein abstrakt likeverdsideologi. Avhengigheta og komplementariteten i aktivitetar kan tolkast som at all innsats er nødvendig og derfor likeverdig. Samfunn dominert av denne urbane typen livsløp blir stundom sagt å vere dominert av serialitet.⁶⁶

⁶⁴ Hompland (1984, 4-5) peikar på at sjølvforståinga i bygdebyen er knytt til bygda. Bilde av nostalgi, ro og stabil livsførsel er dominerande i bygdebyen, seier Hompland. Sjølvforståinga er prega av opphavet, og «[bygdebyen] har eit sosialt og kulturelt etterslep i sjølvdefineringa» (Hompland 1984, 5; sjå også side 17). Det går fram at dette også gjeld hos politikarar og planleggjarar. Vi ser at bygdebyen i så fall er utvikla på ein illusjon om bygdekultur. Hompland peiker imidlertid på ei rekke forhold som skil kultur i bygdeby frå kultur på bygd. Men er bygdebyen snikurbanisering av bygda? Nei, seier Hompland (1984, 7-8): «Den bu- og livsform bygdebyane er eit uttrykk for, er like mye ei landliggjering av byanes vekst». Han peikar dessutan på påverking frå ein amerikansk konsumkultur som vel så relevant for å forstå kulturutviklinga, som «ei agrar fortid».

⁶⁵ Villa (1991) skriv om likskap, solidaritet og gjensidig sårbarhet i forholdet mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar i ein møbelfabrikk i ein norsk bygde kommune. «Vi dreg lasset saman» - halldringa er rådande.

⁶⁶ Omgrepet serialitet (og parallellitet) har sitt opphav hos Sartre, sjå Østerberg (1978, 173-184). Dette peikar dessutan mot Durkheim ([1893] 1984) sitt kjente omgrepsspar mekanisk og organisk solidaritet. Samfunn prega av gjensidig avhengighet gjennom arbeidsdeling sa han var prega av organisk solidaritet. Dette står i kontrast til samfunn prega av låg arbeidsdeling og større grad av likskap. Her finn ein mekanisk solidaritet.

Felles opplevingar av dagleglivet er grunnlaget for all kultur.⁶⁷ Skilnaden mellom relativt heterogene byar og relativt homogene bygdebyar er interessant i det perspektivet. Ut frå parallelliteten i livsløp i bygdebyane vil vi vente å finne ein felles lokal kultur der. Men kva felles opplevingar ligg til grunn for bykulturen? Kva meir enn eksternalitetar frå ei stor heterogen og tett busett befolkning finnes i storbyen? Spekulasjonar omkring samanhengen mellom eigenskapar ved staden og kulturen på staden som dei vi har presentert ovanfor, er berre dei allmenne førsteordens observasjonane vi kan gjere av samanhengen. Dei teoretiske komplikasjonane kjem når vi freistar å gå bak desse samanhengane for å studere vekselverknaden mellom materielle føringar og kulturelle tolkingar og omformingar. Først då vil styrken i den kulturelle dimensjonen stå fram.

Sluttord

Vi vil konkludere med at det skjer systematiske endringar i dei lokale stadbundne kulturane ettersom folketal, folketettleik og heterogenitet aukar. Men endringane er mindre og går saktare enn det vi kanskje tenkte i utgangspunktet. Vi trur heller ikkje at endringane kjem gradvis. Langs dimensjonen bygd – storby trur vi det vil finnast knekkpunkt der endringane kjem raskt. Det sambandet vi ser i dag er sterkt påverka av transportteknologi, og dei siste hundre åra har denne gjort vilkåra for utvikling av ein urban habitus vanskeleg. Hundre år er likevel ikkje lang tid om ein tenkjer i syklusar for kultur- og samfunnsutvikling.

Eit av dei eldste bysamfunna vi kjenner, Catal Höyük i Anatolia, er ca 9000 år gammalt (Lorange 1990). Samanlikna med andre byar frå den tida synest dette å ha vore ein stor by med fleire tusen innbyggjarar. Likevel var det ein by utan gater. Husa låg vegg i vegg som cellene i ein bikube. Inngangen var frå taket og ned i eit einaste kvadratisk rom der arkeologane meiner å kunne sjå at det normalt ville bu ein mann med ei eller to koner og barn.

Korleis arta livet seg i ein slik by? Var byen ulik landsbygda slik byen er det i dag? Og fanst landsbygda slik vi tenker på den? Om det kan vi ingenting vite. Men det vi kan ta med oss av kunnskap til våre dagar er ei visse om at byen og tettstaden, med befolkningstettleik og befolkningsstorleik som verksame kategoriar for boform og levekår, har vore del av

⁶⁷ Som vi ovanfor høyrdde er Anderson (1991) oppteken av at også forestillingar formar kultur. Utan å gi eit svar kan vi spørje om samfunnet i byen i større grad enn på bygda er forestilt, i Benedict Anderson (1991) si mening. Dette kan vi sjå i forlenginga av Roger Andersson (1987, 248) sin argumentasjon rundt den abstrakte urbane agenten, versus den personifiserte og deltakande rurale, som vi også ovanfor var innom. Dette viser at forholdet som aktørar har til sine medborgarar på ulike stader kan vere med å forme forestillingar om desse stadene.

Bostadens kultur og den urbane habitus

samfunnsutviklinga frå før dei kjente sivilisasjonane i Kina, Mesopotamia og Egypt voks fram. Korleis den bufaste tolkar boforma si, og korleis boforma strukturerer tolkingane, er framleis eit interessant tema å studere.

Vekselverknaden mellom materielle føringar og kulturelle tolkingar og omformingar gjer at vi stadig må skifte perspektiv mellom «stadens liv» og «livet på staden». Alle bostader er identifiserbare lokalsamfunn med sine sjølvstendige utviklingshistorier, sine «liv», som er verken tilfeldige eller uforståelege. Med kunnskap om storsamfunn og individuelle innbyggjarar, teknologi og naturgrunnlag, synest lokalsamfunna å følgje visse identifiserbare mønster i utviklinga. Endring skjer i form av vekst eller stillstand, og påverkar faktorar som til dømes trafikkmønster og arealbruk. Men utviklinga skjer alltid ut frå historiske føresetnader og tilpassa kulturelle særdrag.

Staden har eit liv vi kan skjøne berre dersom identifiserbare personar lever der. Korleis opplever kvar einskild innbyggar staden? Og i kva grad vil store grupper oppleve staden på same måte? Den felles opplevinga av staden er grunnlaget for å skape ein lokal kultur. Studiet av korleis livet på ein stad ter seg vil i grunnen handle om tre enkle spørsmål: Kvifor gjer folk det dei gjer? Kva kunne dei gjøre i staden for det dei gjer? Og kvifor burde dei gjøre noko anna enn det dei gjer? Eller meir konkret: kva får folk til å velje tettbygd bostad framfor spreldbrygd? Kvifor kører dei bil så mykje og så ofte? Kvifor ser alle stovene så like ut? Og kvifor blir det særleg viktig å halde folk på avstand når ein bur tett?

I plansamanheng freistar folk å tenke igjennom kva dei kunne gjort annleis: korleis verda *burde* sett ut og enno *kan* komme til å sjå ut om folk følgjer *planen*. Men kvar kjem dei frå, ideane og idealene som ligg bak planleggarane sine vedtak?⁶⁸ Korleis er samspelet mellom folk sine idear om det gode livet og planleggarane sine? Kvifor fekk bygdebyen ei slik fysisk utforming som den fekk?

Bygdebyen si utforming speglar ein kultur sitt syn på det å bu.⁶⁹ Men gitt at bygdebyen no er komen og teken i bruk, kva skjer så med verdiar og


⁶⁸ Alexander (1966) synest å meine at den rasjonelle og vitskapelege tilnærminga til byforming fører til at byane blir einsarta sterile og utan stimulans for folk flest og i det lange løp. Problemet er i følgje Alexander ikkje berre kvar ideane kjem frå, dette ligg djupt i måten mennesket fungerer på. Det er vanskeleg å tenke seg at nokre få planleggarar rasjonelt skal klare å gjenskape den fruktbare og stimulerande kompleksiteten som dei beste av dei sjølvgrodde byane viser fram.

⁶⁹ Slik vi ser det uttrykker Bochgreivink (1990) nordmenn sitt bostadideal nokså presist: «I et land hvor det er god plass bør de som ønsker å ha eget hus med egen have kunne ha det. (...) Fra boligområdene bør det gå gode turveier oppover til skogområdene og nedover til stranden av sjø, innsjø og elv. (...) Innen boområdene bør det være grønne lunger i meget nær avstand for småbarn og ungdom».

prioriteringar etterkvert som tida går? Og gitt at foreldra i bygdebyen voks opp på landsbygda; lærer barna deiira i bygdebyen dei same verdiane og prioriteringane som foreldra starta ut med? Og kva er samanhengen mellom den fysiske utforminga av bygdebyen og skilnadane vi finn mellom ung og vaksen der? Ut frå drøftinga ovanfor kunne vi kanskje freiste spekulere over slike spørsmål. Men gode svar vil krevje både empiri og plass for drøfting som vi ikkje har her.

Ovanfor har vi nytta omgrep som by og bykultur, bygd og bygdekultur som om dette skulle vere uproblematiske omgrep. Det er dei ikkje. Det er verken sjølvinnlysande eller enkelt å seie korleis vår norske kultur meiningsfullt skulle kunne dekomponerast i ein bygdekultur og ein bykultur. At by og bygd er fundamentale erfaringskategoriar i heile den vestlege verda (Holton 1986; Williams 1973) betyr ikkje utan vidare at dei også er meiningsfulle teoretiske kategoriar. Men om dei ikkje er det, kan dei kanskje bli det. Denne artikkelen har vore eit forsøk i så måte.

Vedlegg 1



x— Oslo inn/ Oslo ut

■— Akershus inn/ Akershus ut

x- Oslo inn/ Oslo ut = innflyttarar til Oslo dividert med utflyttarar frå Oslo i aldersgruppa

□- Akershus inn/ Akershus ut = innflyttarar til Akershus dividert med utflyttarar frå Akershus i aldersgruppa

Kjelde: <http://www.ssb.no/emner/02/02/20/flytting/tab-2010-05-06-03.html>

Statistisk Sentralbyrå sin tabell 3 i studien av sentralisering (<http://www.ssb.no/emner/02/02/20/flytting/tab-2010-05-06-03.html>) basert på flyttedata frå 2009 viser at Oslo har eit klart innflyttingsoverskot for aldersgruppene 16-29 år medan Akershus har eit tilsvarande innflyttingsoverskot for aldersgruppene 30-49 år. Sørlie ([1989, 14](#)) sin figur 3 viser same biletet for 1986.

Litteratur:

- Alexander, Christopher. 1966. A city is not a tree. *Design* (206):46-55.
- Almås, Reidar, Marit S. Haugen, Johan Fredrik Rye, and Mariann Villa, eds. 2008. *Den Nye bygda*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Anderson, Benedict. 1991. *Imagined communities: reflections on the origin and spread of nationalism*. London: Verso.
- Andersson, Roger. 1987. *Den svenska urbaniseringen: kontextualisering av begrepp och processer*. Vol. 18, *Geografiska regionstudier*. Uppsala: Kulturgeografiska institutionen, Uppsala universitet.
- Aspen, Jonny, ed. 2005. *By og byliv i endring: studier av byrom og handlingsrom i Oslo*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Bates, Daniel G., and Harald Skogseid. 1997. *Menneskelig tilpasning. En humanøkologisk innføring i globalt miljø*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Benda-Beckmann, Franz von, Keebet von Benda-Beckmann, and Melanie G. Wiber, eds. 2006. *Changing Properties of Property*. New York: Berghahn Books.
- Berg, Nina Gunnerud, ed. 2009. *Mennesker og steder i samspill: festskrift til Britt Dale*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Berg, Nina Gunnerud, and Britt Dale. 2004. Sted – begreper og teorier. In *Mennesker og steder i samspill*, edited by N. G. Berg. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Berg, Nina Gunnerud, and Hans Kjetil Lysgård. 2004a. Ruralitet og urbanitet: bygd og by. *Plan* (2):18-25.
- Berg, Nina Gunnerud, and Hans Kjetil Lysgård. 2004b. Ruralitet og urbanitet – bygd og by. In *Mennesker, steder og regionale endringer*, edited by N. G. Berg. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Berge, Erling. 1971. *Ønskt urbaniseringgrad av bostad. Resultat fra bostadsundersøkinga 1967*. Vol. 19, *Rapport*. Oslo: Norsk Institutt for By- og Regionforskning.
- Berge, Erling. 1986. Rural eller urban arealbrukskontroll? In *Fysisk planlegging*, edited by A. Olsen and A. Selfors. Oslo: Fagbokforlaget.
- Berger, Peter L., and Thomas Luckmann. 1966. *The Social Construction of Reality*. New York: Doubleday.
- Berggreen, Brit. 1989. *Da kulturen kom til Norge*. Oslo: Aschehoug.
- Borchgrevink, N. 1990. Hvordan bør vi bo? *St. Hallvard: illustrert tidsskrift for byhistorie, miljø og debatt* (4):52-55.
- Bourdieu, Pierre. [1979] 1984. *Distinction. A social critique of the judgement of taste*. Translated by R. Nice. London: Routledge.
- Bourdieu, Pierre. [1989] 1996. *The State Nobility: Elite Schools in the Field of Power*. Cambridge: Polity Press.

Bostadens kultur og den urbane habitus

- Brandth, Berit, and Marit S. Haugen. 2008. Fra melkefjøs til gårdsturisme. Fleksible bønder på en nye arena. In *Den nye bygda*, edited by R. Almås, M. S. Haugen, J. F. Rye and M. Villa. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Brewer, John, and Susan Staves, eds. 1996. *Early Modern Conceptions of Property*. London: Routledge.
- Dale, Britt, Tor Selstad, and Peter Sjøholt. 2002. *Sentralsted og agglomerasjon: servicesamfunnets begreper og teorier*. Vol. nr 4, *Acta Geographica - Trondheim, Serie A, Avhandlinger og rapporter*. Trondheim: Geografisk institutt, NTNU.
- Danielsen, Hilde, and Kjetil G. Lundberg. 2010. Nærmiljø og plassmyter: sentrum og drabantby mellom mangfold og trygghet. *Sosiologisk Tidsskrift* (2):115-136.
- Daun, Åke. 1974. *Förortsliv: en etnologisk studie av kulturell förändring*. Stockholm: Prisma.
- Douglas, Mary. 1986. *How Institutions Think*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Douglas, Mary. [1966] 1997. *Rent og urent: en analyse av forestillinger omkring urenhet og tabu*. Translated by K. A. Lie. Oslo: Pax forlag. Original edition, Purity and danger: an analysis of concepts of pollution and taboo.
- Duncan, Otis Dudley. 1964. Social Organization and the Ecosystem. In *Handbook of modern sociology*, edited by R. E. L. Faris. Chicago: Rand McNally.
- Durkheim, Émile. [1893] 1984. *The division of labor in society*. New York: Free Press.
- Einersen, Svein. 1982. Løvetann gjennom asfalt. Om barnekultur og urbanisert oppvekst. In *Notat 82:17*. Oslo: Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning.
- Ellefsen, Karl Otto. 1986. Stedsidealer bak bygdebyen. In *Fysisk Planlegging*, edited by A. Olsen and A. Selfors. Oslo: Fagbokforlaget.
- Fagerheim, Svein Jarle. 2008. Det verdige mennesket i den øvre middelklassen. *Sosiologisk Årbok* (3-4):1-43.
- Flø, Bjørn Egil. 2010. Bygda - forståing og implikasjonar. *Plan* (Nr. 5):20-25.
- Fosso, Eli Janette. 2004. Unges flytting - et spørsmål om identitet og myter om marginale og sentrale steder. In *Mennesker, steder og regionale endringer*, edited by N. G. Berg. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Fossåskaret, Erik. 2006. Vestlandssamfunnet i dag. In *Vestlandets historie, bind 2- Samfunn*, edited by K. Helle, O. Grepstad, A. Lillehammer, A. E. Tryti and E. Sunde. Bergen: Vigmostad & Bjørke AS.

- Gans, Herbert J. 1962. Urbanism and Suburbanism as ways of life: A re-evaluation of definitions. In *Human Behaviour and Social Processes: An Interactionist Approach*, edited by A. Rose. Boston: Houghton Mifflin.
- Gehl, Jan. 1980. *Livet mellem husene: udeaktiviteter og udemiljøer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gintis, Herbert. 2009. *The Bounds of Reason. Game Theory and the Unification of the Behavioral Sciences*. Princeton, NJ: Princeton University Press.
- Gintis, Herbert, Samuel Bowles, Robert Boyd, and Ernest Fehr, eds. 2005. *Moral Sentiment and Material Interest. The Foundations of Cooperation in Economic Life*. Cambridge, MA: The MIT Press.
- Greve, Anniken. 1999. Dette bestemte stedet; om stedets krav på egen identitet. In *Stedet som kulturell konstruksjon*., edited by B. Mæhlum, D. Sletten and O. S. Stugu. Trondheim: Historisk institutt, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Grimsrud, Gro Marit, and Kjetil Sørlie. 2004. Flytting og bosetting, jobb og pendling. In *Mennesker, steder og regionale endringer*, edited by N. G. Berg. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Gåsdal, Odd. 1995. Deltakelse i friluftsliv: sosiale mål og fysiske hindringer. Dr. Polit. Thesis, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, AVH, Universitetet i Trondheim, Trondheim.
- Halseth, Greg. 1998. *Cottage country in transition: a social geography of change and contention in the rural-recreational countryside*. Montreal: McGill-Queen's University Press.
- Haugen, Inger. 1978. Om forvaltning av utilgjengelighet. *Tidsskrift for samfunnsvitenskap* 19:405-414.
- Haugen, Marit S., and Mariann Villa. 2005. Naboskap i bygda. *Sosiologisk Tidsskrift* (3).
- Haveraaen, Morten. 1993a. By, bosted, lokalsamfunn, bolig: fire stedsrettete arbeider hvor planlegging møter sosiologi. Doctor Scientiarum Thesis, Department of landscape architecture and spatial planning, UMB, Ås.
- Haveraaen, Morten. 1993b. Noen linjer i byens sosiologi. *Tidsskrift for samfunnsvitenskap* 34 (2):153-167.
- Hawley, Amos H. 1950. *Human ecology: a theory of community structure*. New York: Ronald Press.
- Hellevik, Ottar. 2010. Har vi en kulturell sentrum-periferi motsetning i Norge? *Plan* (5):14-19.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 2011. Det nynorske byproblem. *Syn og Segn* (1):20-30.
- Holton, R. J. 1986. *Cities, capitalism and civilization*. London: Allen & Unwin.

Bostadens kultur og den urbane habitus

- Hompland, Andreas. 1984. Rurbaniseringsprosessen. Bygdebyen og det nye Norges ansikt. In *Working paper 9/84*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Horgen, Jan E., Michael Jones, and Venke Åsheim Olsen, eds. 2011. "Studenten som kom før faget": etnolog Rigmor Frimannslund (1911-2006) : et minneskrift. Oslo: Novus/ Instituttet for sammenlignende kulturforskning.
- Høibo, Roy. 2007. *Viga*. Vol. 2007, *Folk i Ryfylke*. Sand: Ryfylkemuseet.
- Jacobs, Jane. 1961. *The death and life of great American cities*. New York: Random House.
- Kahneman, Daniel, and Amos Tversky. 2000. *Choices, values, and frames*. Cambrigde: Cambridge University Press.
- Kjølsrød, Lise. 1978. Lokalsamfunn og kvinnearbeid i endring: om urbaniseringsprosessens konsekvenser for kvinnernas yrkesarbeid. Mag. Art. Thesis, Instituttet for sosiologi, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Kjølsrød, Lise. 1981. Å bo som livsprosjekt. *Kontrast* (6).
- Krange, Olve, and Ketil Skogen. 2003. Skudd i løse lufta? Unge jegere og rovdyrpolitikken. In *Ungdom, makt og mening*, edited by F. Engelstad and G. Ødegård. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lajos, Juhasz. 1965. «Den alminnelige plan». Reguleringsarbeidet i Christiania i den første halvpart av 1800-årene. *St. Hallvard* 43:12-34.
- Lamberg, Karl J. 1993. Ei handfull øyar. In *Øykultur*, edited by R. Høibo. Sand: Ryfylkemuseet.
- Langdalen, Erik. 1994. *Arealplanlegging: form, funksjon, fellesskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Langsether, Åsmund. 1986a. *Bydeler som lokalsamfunn: Del I: En litteratur- og begrepsstudie*. Vol. 86-5, INAS-Rapport. Oslo: Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning.
- Langsether, Åsmund. 1986b. *Bydeler som lokalsamfunn. Del II: En empirisk studie av to Oslo-bydeler*. Vol. 86-6, INAS rapport. Oslo: Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning.
- Larsen, Tord. 1984. Bønder i byen - på jakt etter den norske konfigurasjonen. In *Den Norske væremåten: antropologisk søkelys på norsk kultur*, edited by A. M. Klausen. Oslo: Cappelen.
- Lillebye, Einar. 1996. Architectural and functional relationships in street planning: an historical view. *Landscape and Urban Planning* 35 (2-3):85-105.
- Lorange, Erik. 1990. *Historiske byer. Fra de eldste tider til renessansen*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Moldenæs, Turid. 2006. *I sitt bilde?: Identitet og identitetskonstruksjon i lokalsamfunn*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Mumford, Lewis. [1961] 1966. *The city in history: its origins, its transformations, and its prospects*. London: Penguin.
- Munch, Peter A. 1956. *A study of cultural change: rural-urban conflicts in Norway*, *Studia Norvegica* No 9. Oslo: Aschehoug.
- Myhre, Jan Eivind. 1977. Urbaniseringen i Norge i industrialiseringens første fase ca 1850-1914. In *Urbaniseringsprosessen i Norden 3. Industrialiseringens første fase*, edited by G. A. Blom. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myklebost, Hallstein. 1960. *Norges tettbygde steder 1875-1950*. Vol. 4, *Ad novas*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Myklebost, Hallstein. 1979. *Norges tettsteder: folketall og næringsstruktur*. Vol. no. 15, *Ad novas*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Naustdalslid, Jon. 1991. Frå makt til avmakt. Bygdesamfunnet i norsk politikk. *Plan og Arbeid: tidsskrift for distriktsutbygging, regional planlegging og sysselsetting* (3):23-29.
- Nesje, Liv Mari, and Knut Hidle. 2006. Hverdagsmobilitet i fem norske byregioner. *Plan* (3-4):66-71.
- Njå, Ragnhild. 2010. Bryne - et sted for alle?: om urbanisering, universell utforming og mangfold. MA Thesis, Volda University College, Volda.
- Næss, Siri. 1979. *Livskvalitet: om å ha det godt i byen og på landet*. Vol. 79:2, *INAS rapport*. Oslo: Institutt for anvendt sosialvitenskapelig forskning.
- Olwig, Kenneth R. 1999. The Destruction and Construction of Place: Landscape, Utopian Displacement and Topian Identity. In *Stedet som kulturell konstruksjon*, edited by B. Mæhlum, D. Slettan and O. S. Stugu. Trondheim: Historisk Institutt, Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet.
- Ostrom, Elinor. 1998. A Behavioral Approach to the Rational Choice Theory of Collective Action. Presidential Address American Political Science Association 1997. *American Political Science Review* 92 (1):1-22.
- Pahl, R. E. 1966. The Rural-Urban Continuum. *Sociologia Ruralis* 6 (3):299-329.
- Parsons, Talcott. [1951] 1964. *The Social System*. New York: The Free Press.
- Rasmussen, Tor Fr. 1969. *Byregioner i Norge: en samfunnsgeografisk analyse av den regionale konsentrasjon i bosettingsmønsteret*. Vol. 11, *Rapport*. Oslo: Norges teknisk-naturvitenskapelige forskningsråd, Utvalg for byplanforskning.
- Robbins, Derek. 1991. *The work of Pierre Bourdieu: recognizing society*. Milton Keynes: Open University Press.

Bostadens kultur og den urbane habitus

- Rokkan, Stein. 1967. Geography, Religion, and Social Class: Crosscutting Cleavages in Norwegian Politics. In *Party systems and voter alignments: cross-national perspectives*, edited by S. Rokkan and S. M. Lipset. New York: The Free Press.
- Rye, Johan Fredrik. 2006a. Leaving the Countryside. An Analysis of Rural-to-Urban Migration and Long-Term Capital Accumulation. *Acta Sociologica* 49 (1):47-65.
- Rye, Johan Fredrik. 2006b. Rural youths' images of the rural. *Journal of Rural Studies* 22 (4):409-421.
- Rye, Johan Fredrik. 2008. Fra bygd til by. Hvordan går det med utflytterne i byen? In *Den nye bygda*, edited by R. Almås, M. S. Haugen, J. F. Rye and M. Villa. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Røe, Per Gunnar. 2009. Forstaden som sted. In *Mennesker og steder i samspill: festskrift til Britt Dale*, edited by N. G. Berg. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Schiefloe, Per Morten. 1985. *Nærmiljø i bysamfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Schiefloe, Per Morten. 2002. Byen - ideal for det gode liv? *Plan* (2):4-9.
- Schütz, Alfred, and Thomas Luckmann. 1973. *The structures of the life-world*. Translated by R. M. Zaner and H. T. Engelhardt Jr. Evanston, Ill.: Northwestern University Press.
- Simmel, Georg, and Kurt H. Wolff. [1950] 1964. *The sociology of Georg Simmel*. Translated by K. H. Wolff. New York: The Free Press.
- Skirbekk, Sigurd. 1975. *Akkulturasjon i Oslo: en studie av by og bygdekultur*. Vol. 26, *Skriftserie*. Oslo: Instituttet for sosiologi, Universitetet i Oslo.
- Skjekkeland, Martin. 2009. *Språk og samfunn i endring: ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus forlag.
- Stugu, Ola Svein. 1999. Den bufaste og vandraren i nasjonal identitetsdanning. In *Stedet som kulturell konstruksjon*., edited by B. Mæhlum, D. Slettan and O. S. Stugu. Trondheim: Historisk Institutt, Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet.
- Surnevik, Per. 1993. Snu kofta etter veret. *FOLK i Ryfylke*:23-24.
- Sørli, Kjetil. 1989. *By- og tettstedsvekst: en naturlov?* Vol. 1989:130, *NIBR notat*. Oslo: Norsk Institutt for By- og Regionforskning.
- Tagseth, Bjørn. 1969. Fritid: en sosiologisk undersøkelse av fritidsaktiviteter i Klepp og Stavanger. Mag. Art. Thesis, Instituttet for sosiologi, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Thomas, William I., and Dorothy Swaine Thomas. 1928. *The child in America: behavior problems and programs*. New York: Knopf.

- Thorsen, Hans Wilhelm Engel, and Berit S. Verstad. 2004. Hva er bygd - egentlig? In *Mennesker, steder og regionale endringer*, edited by N. G. Berg. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Tiller, Per Olav. 1966. Growing up in rural periphery: a study of children in isolated farm families. Oslo: Institute for Social Research.
- Torstenson, Joel S., Michael F. Metcalf, and Tor Fr Rasmussen. 1985. *Urbanization and community building in modern Norway*. Oslo: Urbana Press.
- Tveite, Stein. 1985. Bygd mot by. *Senit* (2):6-11.
- Tveite, Stein. 1988. Hvor går bygdene våre? Paper read at Høgskoledagene 1988, 10.-11. november, Norges landbrukshogskole: tema: Hvor går bygdene våre? : utvikling av nærlinger i distriktene, at Ås-NLH.
- Tylor, Edward B. 1871. *Primitive culture: researches into the development of mythology, philosophy, religion, art, and custom*. London: John Murray.
- Ullenes, Jone. 2010. Den folkelige middelklassen - ein ulv i fåreklaer? Ein kommentar til debatten om makt og avmakt i ulike klasseposisjonar. *Sosiologisk Årbok* 1:95-110.
- Utheim, Marit Eide, and Olav Mjaatvedt. 2009. Hjemmet i skjæringspunktet mellom lokale og globale strømninger. In *På sporet av den tapte samtid*, edited by O. A. Berkaak. Bergen: Norsk kulturråd / Fagbokforlaget.
- Vartdal, Barbro. 2002. Den moderniserte bygdefamilien. In *Bygdeforskning gjennom 20 år*, edited by R. Almås, M. S. Haugen and J. P. Johnsen. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Vayda, Andrew P., ed. 1969. *Environment and cultural behavior: ecological studies in cultural anthropology*. Garden City, NY: Natural History Press.
- Viken, Anne. 2009. Den store image-strabasen. *Syn og Segn* (2):40-48.
- Viken, Anne. 2010. Drukna i ein fjord, gøynt bak eit fjell, knivstukke av konsulentar og såkalt distriktsforskning. *Plan* (5):32-35.
- Villa, Mariann. 1991. Lokal kultur, livsformer og utvikling i ein norsk bygdekomune. Trondheim: Senter for Bygdeforskning, Universitetet i Trondheim.
- Villa, Mariann. 2005. Bygda som bustad. Dr. Polit. Thesis, Department of sociology and political science, Norwegian University of Science and Technology, Trondheim.
- Walmsley, D. J. 1988. *Urban living: the individual in the city*. Harlow: Longman.
- Wiborg, Agnete. 2009. Det kommer an på... *Plan* (2):18-19.
- Williams, Raymond. 1973. *The country and the city*. London: Chatto & Windus.

Bostadens kultur og den urbane habitus

- Wirth, Louis. 1938. Urbanism As A Way of Life. *American Journal of Sociology* 44 (1):1-24.
- Øistensen, Bård. 1979. Tettstedsvekst og grendeavfolkning - En studie fra Tynset kommune. MA thesis, Instituttet for sosiologi, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Østerberg, Dag. 1990. Byer som fortetninger i landskapet. *Plan og Arbeid: tidsskrift for distriktsutbygging, regional planlegging og sysselsetting* (6):2-4.
- Østerberg, Dag. 1998. *Arkitektur og sosiologi i Oslo: en sosio-materiell fortolkning*. Oslo: Pax forlag.
- Østerberg, Dag, ed. 1978. *Handling og samfunn: sosiologisk teori i utvalg*. Oslo: Pax forlag.
- Aarsæther, Nils. 2010. Eit omdanna Nord-Norge. *Sosiologisk Årbok* (3-4):113-130.
- Aasetre, Jørund. 2010. Bygdeutvikling på middelklassens premisser en rekreativ koloni. *Plan* (Nr. 5):58-62.

Samandrag

Artikkelen drøftar samanhengar mellom bostad og lokal kultur med særleg fokus på skilnader mellom urbane og rurale bostader. Historisk har bykulturen hatt trønge kår her i landet. Framvekst av ein urban habitus som grunnlaget for ein urban kultur vert sett som betinga av oppvekst over fleire generasjonar i store heterogene og tett befolka byområde. Framveksten av bygdebyen dei siste 50 åra er utgangspunkt for drøfting av korleis endringar i bosetting påverkar den lokale kulturen. Følgjande faktorar blir drøfta:

- 1) naturgrunnlaget for bostaden;
- 2) folketalet på staden og folketettleiken definert som talet på hus og personar for kvar rutemeter;
- 3) avstandar og transportmåtar for folk og varer; og
- 4) næringsgrunnlag for befolkninga på staden.